

Norsk kulturråd

Årsmelding



1988



Årsmelding 1988

Innhold:

	Side
Leiaren har ordet	3
Hovudtrekk ved verksemda i 1988	4
Fråsegnene frå rådet	6
Utgreiingar	12
Dei olympiske vinterleikane 1994	14
Konferansar	15
Prisvinnarar 1988	15
Barne- og ungdomskulturarbeidet i Norsk kulturråd	16
To døme på barne- og ungdomsprosjekt	19
Disponeringa av Kulturfondet	22
Hovudfordeling	22
Litteratur	23
Musikk	26
Biletkunst og kunsthandverk	28
Kulturvern	30
Samisk kultur	33
Barn og ungdom	35
Tidsskrift	36
Kulturbygg	37
Andre formål	38
Utval, utgreiingar og publikasjonar	39
Administrasjon	39
Råd og arbeidsutval, samansetjing og møter i 1988	40
Utval oppnemnde av rådet	41
Kontakt med andre organ	42
Rådets administrasjon	42
Vedtekter, reglement og retningslinjer	47
Løyvingar og innkjøp	45
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	45
Innkjøpsordninga for nye norske barne- og ungdomsbøker	46
Litteratur, andre løyvingar	49
Tidsskriftstøtte	50
Innkjøpsordninga for nye norske fonogram	50
Musikk, andre løyvingar	50
Biletkunst og kunsthandverk	51
Kulturvern	54
Samiske kulturformål	55
Barn og ungdom	56
Kulturbygg	55
Andre formål	56

Forord

Norsk kulturråd legg med dette fram årsmeldinga for 1988.

Gjennom årsmeldinga gjev Norsk kulturråd melding til Kultur- og vitskapsdepartementet om verksemda i rådet og korleis Kulturfondets midlar er brukt. Meldinga er også lagt slik at ho kan brukast i informasjonsverksemda til rådet. Denne funksjonen er det lagt aukande vekt på dei siste åra.

Årsmeldinga kan seiast å vere delt i to. Første delen omhandlar rådet sin generelle funksjon, med fråsegner, utgreiingar, døme på arbeidet og prosjekt. Andre delen tek for seg bruken av fondsmidlane.


Kulturrådet har i tidlegare årsmeldingar gjeve særleg omtale av arbeidet med kulturbygg og innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur. Dei seinare åra har rådet lagt aukande vekt på barne- og ungdomskulturarbeid. Denne årsmeldinga gjev difor ein fyldig presentasjon av denne delen av verksemda.

Kapitla om rådet sine fråsegner og utgreiingar i 1988 inneholder eit samandrag av desse. Fullstendige tekstar kan ein få ved å vende seg til Kulturrådet.

Innafor kvart fagområde er det både gjeve eit summarisk oversyn over disponeringa av fondsmidlane og ein kort omtale av einskilde større saker.

I meldinga finst og eit samla oversyn over innkjøp av bøker innafor dei to innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og nye barne- og ungdomsbøker, og innkjøp av langspel-(Lp), kompaktplater (CD) og musikkassettar innafor forsøksordninga med innkjøp av nye norske fonogram. Dessutan er det lister over einskildløyvingar innafor kvart fagområde.

Leiaren har ordet:



*Skulpturen som fremvinger form av uformelig masse,
er virksom i barnet som leker med sand i kasse.
Ta kunstnerens blikk fra et barn, ta formgleden fra det,
og se, det vil trå på sitt spenn og vil kaste sin spade,
og se, det vil glemme sin lyst og gå under i skygge
og broer og byer og skib vil det ingang bygge.*

André Bjerke

(Fra diktet «Kunstneren»,
skrive til Kunstnerforeningens
90-års jubileum, 8. des. 1950)

Barns skaparkraft – ein ressurs for framtida

For fleire år sidan var eg vitne til følgjande episode:

Tre-fire små barn leikte saman i ein hage. Dei hadde det tydelegvis morosamt, for ein kunne høre glad latter heile tida.

Nabofrua hadde stått ei stund på andre sida av gjerdet og sett på. Med eitt roper ho over til dei: «Nei, no må de sjå å halde opp med den latteren!»

Eit meir grelt døme på skilnaden mellom barn og vaksne si verd opplever vi heldigvis sjeldan. Likevel er det ei kjent sak at vi vaksne har lett for å fjerne oss frå barnet i oss.

På ein måte må det vere slik.

Vi kan ikkje stå på barnestadiet heile livet. Likevel, taper vi ikkje for mykje av barnesinnet slik verda vår er no?

Eg trur diverre det er tilfellet. Og noko av det vi taper er gjerne lysta til å leike. Leik er ei verksemder sjølve aktiviteten er målet. Det er ikkje spørsmål om kva resultatet av aktivitetene blir. I våre nye tidsalder – TV-alderen – kan vi ha grunn til å frykte at barn vil tape denne lysta raskare enn vi gjorde. Dei små sit meir framfor TV som passive tilskodarar, og leiker mindre enn før. Og det dei ser, er ofte dei vaksne si verd. Går deira barndom tapt, slik Neil Postman hevdar?

Evna til å vere spontan og til å fantasere minskar også gjerne med åra. Dette er kjerneområdet som har mykje å seie for vår skaparevne. Vi vaksne har faktisk mykje å lære av barna her. Kan ein rett og slett «gå til barnet og bli vis»?

Det er i første rekke evnene til spontanitet og fantasi vi må ta vare på. Dei fleste barn har fått desse i rikeleg monn. Det er difor viktig at evnene i tidleg alder blir vidareutvikla, ikkje hemma.

Her ligg hovudmotiveringa for Norsk kulturråds satsing på barn dei siste åra. Vi er overtydde om at ved å utvikle barn sine skapande evner i dag, vil vi få eit betre samfunn i morgen. Faktisk trur vi dette samfunnet ikkje berre vil bli rikare økonomisk. For så vidt er dette hjelp til sjølvhjelp. Ei investering i barn no vil gje oss den beste pensjonen i framtida.

Oddvar S. Kvam

Hovudtrekk ved verksemda i 1988

1988 vart eit travelt år for Norsk kulturråd. Etter at søknadsmengda gjekk noko ned i 1987, handsama rådet i 1988 fleire søknader enn i noko år tidlegare. Rådet har og gjeve ei rekke fråsegner i kulturpolitiske spørsmål og handsama 5 tildeles sers omfattande eigne utgreiingar. Arbeidet med å avlaste fondet for faste støtteordningane som naturleg høyrer heime på andre budsjett enn Kulturfondets, er ført vidare. Rådet sto og i året som gjekk som medarrangør av konferansar og har vidare samarbeida med ei rekke institusjonar og organisjonar om viktige utviklingsprosjekt.

Ei hovudoppgåve for rådet, i tillegg til å forvalte Kulturfondet, er å vere eit rådgjevande organ for Kultur- og vitskapsdepartementet. Men rådet kan og på eige initiativ gje fråsegner og setje i verk utgreiingar i saker det måtte ønskje å ta opp. Dette i samsvar med § 2 i vedtekten for Norsk kulturråd der det heiter at rådet skal stimulere skapande åndsliv, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogeleg skal få del i kulturgoda.

Dei siste åra har rådet i høg grad teke initiativ for å følgje opp nettopp dette. Både talet på fråsegner og utgreiingar om aktuelle kulturpolitiske saker, har gått opp.

Vår samtid er i høg grad prega av kulturell kommersialisme. Det er og eit sterkt press i retning av at marknaden skal vere einaste styrande faktor med omsyn til kultur- og fritids-tilbod.

Når tilhøva er slik, er det logisk at ein kulturinstitusjon som Kulturrådet, som har til oppgåve å fremje åndsliv, kulturarv, eigenart og aktivitet, og som i tillegg forvalter midlar for å gjøre dette, må gje uttrykk for og handle etter sitt kulturpolitiske fundament. Dette kjem til synne gjennom fråsegner, utgreiingar

og i måten fondet sine midlar vert nytta. I og med at midlane er avgrensa, må ein prioritere. I dette ligg og eit høve til å prioritere tiltak som rådet sjølv eller i samarbeid med andre, tek initiativ til.

Fråsegner

Rådet har gjeve 16 fråsegner i 1988. Dei viktigaste er om NOU-meldingane «Fotografiretten», «Biletkunst m.v.», «Samisk kultur- og utdanning», «Samtidens arkiver – fremtidens kildegrunnlag», «Scenekunst», «Frivillige organisasjoner» og «Endringer i åndsverkloven m.v.». I fråsegnene peiker rådet både på positive og eventuelle negative sider ved meldingane. I fall det siste kjem rådet med endringsframlegg eller utfylle framlegg.

Utgreiingar

5 utgreiingar vart avslutta og/eller handsama av rådet i 1988. Utgreiingane får verknad både for rådets daglege arbeid, og for institusjonar og miljø utafor rådet.

Utgreiingar som har vore handsama er: «Ny løvvingspolitikk på kulturvernombordet» som gjeld avgrensinga mellom Kulturfondet og Miljøverndepartementets oppgåver, «Bevaring av tekniske og industrielle kulturminner i Norge» der målsettinga i særleg grad har vore å leggje fram ein landsomfemnande handlingsplan, «Kulturstatistikk» som er ei kartlegging av behovet for slik statistikk, «Ny fordelingsplan for innkjøpte kunstverk» som gjeld fordeling av rådet sine innkjøpte kunstverk samt «Norske kulturtidsskrift» der målet var å klarlegge situasjonen for tidsskrifta i Noreg.

Konferanser

Rådet har vore engasjert i fleire større konferanser i 1988.

Vi vil her trekke fram konferansen i Porsgrunn 6-8 juni der ein retta søkjely-

set på industriens kulturminne. Denne konferansen vart arrangert i samarbeid med Norges Industriforbund, Landsorganisasjonen, Norske Kunst- og Kulturhistoriske museer og Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring.

Konferansen var ein del av arbeidet med Kulturrådets innstilling om bevaring av tekniske og industrielle kulturminne i Noreg.


Disponeringa av fondet

For 1988 løvvde Stortinget 107 mill. kroner til Norsk kulturfond, ein auke på 12.3 mill. frå året før. Av dette gjekk nær 55 mill. til ulike innkjøpsordningar, utval og administrasjon. 11 mill. var på førehand gjeve som tilsagn om støtte. Såleis var vel 41 mill. til fordeling på grunnlag av søknader utanom innkjøpsordningane.

Det var ei markert stigning både i talet på søknader og i samla søknadssum frå året før. Dette gjorde at gapet mellom støttebehov og midlar til rådvelde auka ytterligare.

Kulturrådet har i fleire år peika på at faste tilskotsordningane bind opp ein stor del av midlane. Rådet har difor ikkje den handlefridomen det var meint å skulle ha. Likevel er det grenser for kor stor handlefridomen innafor dei noverande økonomiske rammene kan bli. Etter grundig vurdering har rådet konkludert med at dei fleste tilskotsordningane bør oppretthaldast. Nokre av ordningane kan truleg likevel takast over av andre. Rådet held difor fram med arbeidet med å få til slike overføringer.

Med omsyn til avsetjinga til «Andre formål» og disposisjonspostane under dei einskilde fagområda, held rådet fram at det er postar av dette slaget som kan vere med å få fram nye idear og tiltak. Skal Kulturrådet fylle oppgåva si,



Frå ein konferanse i Norsk kulturråds regi.
Teikning: Synneva Heradstveit.

må det kunne fange opp nettopp dette, anten ideane og framlegg om tiltak kjem i form av søknader, som forslag frå rådsmedlemmer eller som initiativ frå rådets administrasjon. Desse budsjettpostane må difor haldast oppe og helst styrkast.

Litteratur

Frå 1986 til 1987 steig gjennomsnittskostnaden for bøker kjøpt inn under innkjøpsordningane, med 13,3%. Dette gjorde store utslag for innkjøpsordningane. I samråd med forleggarane vedtok difor rådet førebels å utbetale berre 80% av innkjøpssummen for vaksenbøkene i 1988. Når den endelige rekneskapen er gjort opp vil rådet vurdere om ein kan betale meir.

I 1988 fekk fondet eit øyremerkt tilskot på 7 mill. kroner til utviding av innkjøpsordninga for barne- og ungdomsbøker. Dei nye boksetta blei fordelt til skulebiblioteka i kommunane i samråd med Statens Bibliotektilsyn.

Musikk

Etter tre innkjøpsomgangar blei innkjøpsordninga for plater, kassettar og kompaktplater evaluert i 1988. På bakgrunn av røynslene vart det gjort framlegg om å dreie ordninga noko over frå produksjons- til distribusjonsstøtte. Det er rådd til at ordninga vert overført statsbudsjettet frå 1990.

Biletkunst/kunsthåndverk

I 1988 vedtok rådet ein ny fordelingsplan for innkjøpte kunstverk, slik at dei no skal fordelast til faste samlingar av biletkunst. I 1988 vart omlag 900 verk fordelt på 14 samlingar.

Rådet har elles gjeve uttrykk for at fleire av støtteordningane bør takast over av andre.

Kulturvern

Utgreiinga om tekniske og industrielle kulturminner har ført til at rådet har

vedteke å prioritere denne delen av vernearbeidet som gjeld ein viktig del av kulturarven frå samtid og nær fortid.

Lokale verneplanar er etter rådet sitt syn fundamentet for eit effektivt desentralisert kulturvern. I 1988 har rådet difor sett det som viktig å støtte utarbeidning av slike planar.

Samisk kultur

Rådets kanskje viktigaste bidrag til arbeidet med samisk kultur i 1988 var frå segna om NOU 1987:34 «Samisk kultur og utdanning».

De enkelte sektorar. Administrasjon». Her gjorde rådet m.a. framlegg om eit Samisk kulturråd med eit eige fond.

1988 var elles siste året rådet løyvde midlar til den nordiske innkjøpsordninga for samisk skjønnlitteratur. Denne skal etter planane no finansierast gjennom Nordisk Ministerråd.

Barn og ungdom

Det er viktig at barn og undom får høve til å utvikle sine skapande evner. Ved målretta å satse på kulturtiltak for, med og også av barn og ungdom prøver Kulturrådet å gjere sitt for at dette skal bli ein realitet for flest mogeleg.

Å innarbeide eit nytt område krev omfattande arbeid, og mykje av tida til den nye sakhandsamaren gjekk i 1988 med til rettleiings- og stimuleringsarbeid.

Mange prosjekt vart sett i gang, andre prosjekt avslutta. Dei positive resultata har vist seg i form av oppblomstring av eigenaktivitet i mange lokalsamfunn.

Tidsskrift

Utgreiinga om norske kulturtidsskrift vart i 1988 sendt ut til høyring. På grunnlag av utgreiinga og høyringsfråsegogene vedtok rådet m.a. å be departementet fjerne meirverdiavgifta på tidsskrift. For eigen del vedtok rådet m.a. å halde oppe utgjevingsstøtta og å

løyve midlar til ei treårig prøveverksemd i regi av Norsk Tidsskriftforum. Rådet endra også definisjonen på kulturtidsskrift.

Kulturbrygg

Kulturrådet mottok i 1988 søknader på over 63 mill. til kulturbrygg. Ei avsetjing på 11 mill. gjev pålangt nær rom for tilskot frå Kulturfondet i det omfang det er trong for. Berre eit fåtal mellomstore og mindre byggjeoppgåver har fått tilskot dei siste åra.

Utan hell har rådet i mange år bede om vesentleg større løyingar til kulturbryggformål. Situasjonen for kulturbrygg er såleis like vanskeleg som før.

Andre formål

1988 var siste året rådet støtta Det Åpne Teater, forsøket der dramatikarar, sceneinstruktørar og skodespelarar arbeider saman i ein «verkstad» for å få fram ny norsk dramatikk. Prosjektet vil frå 1989 få midlar over statsbudsjettet. Som døme på andre tiltak rådet støtta over denne posten kan nemnast ein nordisk koreografikonkurranse i regi av Norsk Ballettforbund, utgjeving av Donald Duck på samisk, etablering av galerilokale for norske kunsthandverkarar og konferansen om bevaring av tekniske kulturminne.

Fråsegnene frå rådet

Ei hovudoppgåve for Norsk kulturråd er å vere eit rådgjevande organ for Kultur- og vitskapsdepartementet i kulturspørsmål.

Rådet får difor ei rekke saker til fråsegn i løpet av eit år. Også andre instansar kan be om å få Kulturrådet si meining om særskilte saker. Rådet kan og på eige initiativ gje fråsegn i einskildsaker.

I 1988 har Norsk kulturråd uttala seg om følgjande saker:

- * NOU 1987: 16 Fotografiretten
- * NOU 1987: 28 Billedkunst m.v.
- * NOU 1987: 34 Samisk kultur og utdanning. De enkelte sektorer. Administrasjon
- * NOU 1987: 35 Samtidens arkiver - fremtidens kildegrunnlag

- * NOU 1988: 1 Scenekunst
- * NOU 1988: 17 Frivillige organisasjoner
- * NOU 1988: 22 Endringer i åndsverkloven m.v.
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 830/k) om støtte til forskning om den finnskogske kulturen
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 834/k) om oppretting av eit barnebokinstitutt for dei små språkområda
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 835/k) om eit nordisk omsetjar-sentrum i Vasa
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 841/k) om ei nordisk stipendieordning for skjønnlitterære omsetjarar
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 847/k) om nordisk samarbeid om produksjon av littleste bøker for lesehandikappa
- * Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 848/k) om ein nordisk bokserie
- * UNESCO - Utkast til rekommendaasjon om vern av folklore
- * Fråsegn til Norsk Folkemuseum om framtidig finansiering av slektsbøker frå sameområda
- * Fråsegn til Den norske kulturtiårskomite/Den norske nasjonalkommisjon for UNESCO om FNs kulturtiår 1988-1997

Fotografiretten – ein integrert del av åndsverklova

Om NOU 1987:16 «Fotografiretten – fjerde delinnstilling frå Opphavsrettsutvalet», sa rådet i fråsega m.a.:

Større grad av samsvar mellom reglane for fotografi og for åndsverk forøvrig vil vera med å styrke fotografane sin opphavsrettslege stilling, og gje høgare godkjenning av fotografiet som sjølvstendig kunstnerisk uttrykksform.

Norsk kulturråd meiner at fotografiretten bør vere ein integrert del av åndsverklova, og står primært framlegget som er grunna på at avgjerdene om fotografivern vert innarbeidd i åndsverklova kapittel 5. Rådet syner både til dei prinsipielle grunngjevingane for dette,

og til Opphavsrettsutvalet sin kommentar om at det er trøng for felles nordiske løysingar på området.

Rådet rår og til at fotografiske kunstverk vert gjeve same vernetid og låne-reglar som gjeld for andre åndsverk.

Opphavsrettsutvalet sin innstilling om bilettekunst

Om Opphavsrettsutvalet sin fjerde delinnstilling, NOU 1987:28 «Billedkunst m.v.» sa rådet følgjande:

«Norsk kulturråd slutter seg til hovedtrekkene i Opphavsrettsutvalgets innstilling, men peker på at uttrykket «Billedkunst» ikke er dekkende for innstillingens innhold, idet innstillingen (og lovutkastet) også omfatter kunsthånd-

verk, fotografisk kunst og de ulike arbeidsformene i fagområdene mellom de tradisjonelle. Ikke alle disse faggruppene betrakter seg som billedkunstnere. Loven bør derfor i sin tittel benytte uttrykket «kunstverk», alternativt «billedkunst», kunsthåndverk, foto, m.v.»

Arkivbevaring som kulturvernoppgåve

I samband med NOU 1987:35 «Samtidens arkiver - fremtidens kildegrunnlag» gav rådet m.a. uttrykk for følgjande synspunkt:

Norsk kulturråd er nøgd med at arbeidsgruppa gjer framlegg om ein redefinert målsetting for Arkivverket med større vekt på kulturvernansvaret og ei klårare prioritering av kulturvernoppgåvene.



Rådet meiner at ein plan som kan føre til sikring av dei viktigaste arkiva frå både offentlege og private arkivskaparar kan få mykje å seie reint kulturhistorisk.

Berre med eit slikt kulturvernoperspektiv vil ettertida få heilskapleg og balansert informasjon om utviklinga i samfunnet.

Rådet meiner det er viktig at Arkivverket kjem med tilbod og ikkje påbod når det gjeld frivilleg vernearbeid, at arkiva vert verande i lokalmiljøa og at lokalbefolkinga får tilgjenge til desse. Dei lokalhistoriske arkiva bør sjåast på som ein naturleg del av eit samordna kulturvernarbeid på fylkesnivå.

Ein arkivar i tilknyting til ei utbygging av fylket sin kulturvernekspertise vil vere ei naturleg utvikling.

Rådet seier vidare:

«Kanskje enda mer påtrengende er behovet for oppretting av utdanningsplasser innan arkivverket, og oppretting av egen kompetansegivende fagutdanning. Mangelen på fagutdannet personale innen de forskjellige organer og institusjoner som arbeider med arkivspørsmål er meget stor. Ikke minst i distriktena er mangelen på faglig veiledning en stor hindring for arbeidet med bevaring av kulturhistorisk viktig materiale. I denne sammenheng bør også nevnes mangelen på faglig utdannet personale til konservering og restaurering av arkivmateriale som står i fare for å bli ødelagt på grunn av dårlige oppbevaringsmuligheter.»

Rådet meiner det er naudsynt å kunne sikre nasjonalt viktig kulturhistorisk

Bestemora mi bar komsa over skuldra i tillegg til lassoen. Foto: Grete Kvaal.

materiale ved hjelp av ei lov og stor utkastet til lov om handsaming og bevaring av arkiv.

Tilhøva for samisk språk, kultur og utdanning skal betrast

I ei lengre fråsegn om NOU 1987:34 «Samisk kultur og utdanning. De enkelte sektorer. Administrasjon», har rådet konsentrert seg om dei ansvarsområda som ligg til rådet sine samiske underutval. Dette gjeld litteratur, musikk, bilet-kunst og duodji. Rådet tek og opp fram-

legg til framtidig administrering og styring av samisk kulturpolitikk.

Rådet ordlegg seg m.a. slik:

Samisk samfunns- og kulturliv står no ved eit vegskilje. Det tradisjonelle samfunnet og den kulturelle arven må vike i konkurranse med formalisert kunnapsosoverføring, modernisering og teknologiske nyvinningsar. Den samiske befolkninga sin kamp for vern av eigen kultur og framlegga til ny vekst må difor takast på alvor.

Språk og litteratur

Om språk og litteratur meiner rådet m.a.:

- samiske forfattarar må få hove til å engasjere seg innafor fleire litterære genrar og fagområde
- bruk og spreiing av litteraturen må verte det største satsingsområdet
- den nordiske innkjøpsordninga må gjerast permanent
- vilkåra for skaparane av litteraturen må betrast, m.a. ved bruk av fleire og betre stipend.
- det er trong for fleire titlar innafor fleire genrar, særleg for barn og ungdom
- eit samisk barneblad er sakna
- midlane til produksjon av samisk litteratur må aukast

Statleg forlagsstøtte på kulturpolitisk grunnlag er naudsynt om vi ønskjer å ha ein levande samisk fag- og skjønnlitteratur.

Samisk litteratur vil og utvikle seg på måter der presentasjon på trykk er sekundær, jfr. opprettinga av eit fast samisk teater i Kautokeino. Ein føresetnad for slik verksemnd er at det vert skrive samisk dramatikk. Rådet står framlegget om manuskonkurransar og peikar på at bestillingsoppdrag kan vere ein annan måte å få fram ny samisk dramatikk på.

Til framlegget om litteratur i undervisninga i grunnskule og vidaregåande skule, meiner rådet at skulen må setjast i stand til å realisere intensjonane i fagplanane. Ei styrking av undervisninga i samisk som første- og andrespråk, vil auke vørdnaden for samisk i samfunnet.

Musikk

Samisk musikkliv er i vekst. Skipinga av den samiske musikarorganisasjonen Sami Musikhariid Searvi (SAMUS) har gjeve musikarar og komponistar ny kveik, internasjonale kontaktpunkt og auka prestisje til samisk musikk.

I sine kommentarar til dei einskilde framlegga meiner rådet:

- *det er trong for fast engasjerte personar til innsamlings- og registreringsarbeidet*
- *skulen bør i høgare grad enn no fungere som formidlar av samisk musikk*
- *eit komande utdanningsutval må knytte til seg folk med kompetanse i samisk musikk i sekretariatet*
- *å betre distribusjonen av samiske kunst- og kulturytringar må bli ei prioritert arbeidsoppgåve i åra som kjem. Rådet gjer framlegg om eit utval som skal arbeide ut konkrete framlegg til løysing av distribusjonsaka.*

Biletkunst og kunsthåndverk

Samisk handverkstradisjon, duodji, er eit av grunnlag for det moderne samiske samfunnet.

Skal ein framleis kunne bygge på duodji som historisk arv og tradisjon, er det trong for målretta utdanning og aktivisering på alle nivå innan kulturlivet.

- duodji må styrkast som undervisningsfag i grunnskule og vidaregåande skule
- arbeidet med undervisningstilbodet

som fører fram til fagbrev må sluttførast

- ein samisk kunsthåndverk- og kunshøgskole må sjåast som ein lekk i utbygginga av eit samisk høgskuletilbod
- ei samisk samling for samtidskunst må etablerast
- ein innkjøpskomite for samisk biletkunst og kunsthåndverk må oppretta
- stipendieordningane må utvidast

Administrasjon og styring av kultur- og utdanningspolitikken

Frå samisk hald er det eit ønske om sjølv å få hand om administrasjon og styring med utdannings- og kulturpolitikken.

Kulturrådet er samd i desse ønskene.

Rådet vil likevel peike på det viktige i eksistensen av ein direkte kontakt mellom samisk miljø og kulturlivet i storsamfunnet – gjennom eit organ som Norsk kulturråd.

Lov om Sametinget og andre samiske rettstilhøve opnar for at Sametinget kan få beslutningsmynde i til dømes samiske kultur og utdanningsspørsmål. Kulturrådet vil særleg peike på at eit samisk kulturutval/kulturråd må ha fagleg truverdigheit både i løyingssaker som i prinsipielle kultur-, språk-, og utdanningsspørsmål.

Rådet gjer framlegg om oppretting av eit sjølvstendig Samisk kulturråd, som skal vere styre for eit samisk kulturfond.

Rådet står og framlegget om oppnemning av ei offentleg samisk språknemnd.

Styrking av scenekunsten framleis viktig

Om NOU 1988:1 «Scenekunst» sa rådet seg i store trekk samd i Teaterutvalet sine konklusjonar.

Rådet peika på at for å løyse styringsproblema for teatra i Noreg må det til desentralisering av ansvar og delegering av mynde kombinert med finansiering gjennom rammetilskot og fristilling ved disponering av eigeninntekter.

Det vert og viktig å leggje større vekt på leiinga av teatra ved eit definert skilje mellom kunstneriske og administrative funksjonar. Det må difor leggjast vekt på utdanning og utveljing av administrative teaterleiarar.

Rådet meiner at dei frie sceniske gruppane må bli stimulert ved å gjere om og utvide tidligare stønadsordningar.

Rådet vil poengtene trangen for støtte til ny norsk dramatikk, sikring av turnevertksemnd og samarbeid mellom institusjonane. I ein slik samanheng må Riksteateret oppretthaldast med vekt på oppgåver som konsulent- og bistandstestester ovafor lokale krefter.

Rådet meiner og at Operaballetten må styrkast, og peiker på trangen for ein biscene ved Den Norske Opera.

Dei frivillige organisasjonane – den «tredje sektor»

I samband med NOU 1988:17 «Frivillige organisasjoner», hadde rådet følgjande synspunkt:

Dei ressursane og den skapande eigenverdi som dei frivillige organisasjonane utgjer, bør takast vare på og stimulerast som ein sjølvstendig og likeverdig sektor i samfunnet.

Ikkje minst innanfor områda kunst og kulturvern er det ønskjeleg at den «tredje sektor» vert anerkjent som eit naudsynt supplement og alternativ til den private marknaden (1' sektor) og den offentlege (2') sektor.

Rådet ser det slik at det både er viktig med samarbeid og rimeleg balanse mellom sektorane.

Det er store og delvis grunnleggjande skilnadar mellom organisasjonane med omsyn til innhald, målsetting og samfunnsnytte. Ei grunnstøtte må difor vere ein refleks av aktivitetstype og -nivå og berre i liten grad byggje på medlemstal.

Ikkje minst innanfor barne- og ung-



Delegering av mynde må til for å løyse teatra sine styringsproblem. Teikning: Synneva Heradstveit.

domsarbeidet er det stor leiarmangel. Det er difor trond for ordningar som vil gje ein positiv stimulans til nyrekrytering og nye initiativ.

Rådet rår frå å redusere dei vanlege løvvingane til kulturfremål på statsbudsjettet i samband med framlegg om

ny statleg grunnstønadsordning finansiert ved del av overskot frå ny statleg aktivitet på lotterisektoren.

Mange organisasjonar, ikkje minst innanfor kunst- og kulturvernombudet, må sikrast ein rimeleg økonomisk basis ved grunnstønadsordningar frå offentlege budsjett. Mange slike foreiningar har store formidlingsoppgåver og ansvar for store ressursar i form av bygningar og samlingar.

Vert det aktuelt å utvide rammene for inntektsfradrag etter skattelovas § 44, meiner rådet det vil vere naturleg at bidrag til ein del kunst- og kulturvern-føreomål vert likestilte med bidrag til forsknings- og yrkesopplæringsføreomål.

Opphavsretten viktig for kunstnarane

I fråsega om NOU 1988:22 «Endringer i åndsverksloven m.v.» sa Kulturrådet m.a.:

«Norsk kulturråd er klar over at de inntekter som opphavsretten kan gi norske kunstnere ofte er beskjedne, men at opphavsretten likevel er meget viktig fordi den har en prinsipiell betydning som ikke kan erstattes av andre kulturpolitiske virkemidler. Vi vil derfor gi vår anerkjennelse til utvalgets arbeid med å tilpasse opphavsrettsbestemmelsene til den teknologiske utvikling når det gjelder masseframstilling og masseutnyttelse av åndsverk.»

Rådet er positiv til at sceneinstruksjon og filmregi vert teke med i oppregninga av ulike former for åndsverk i Åndsverkslovas § 1.

Rådet står og framlegget om ei utviding av kopieringsretten til å omfatte folkebibliotek og einskilde musé.

«Finnskogskulturen» i fare

Kulturrådet gav m.a. følgjande fråsegn

om medlemsframlegg A 830/k i Nordisk Råd om støtte til forskning om den finniskske kulturen:

«Avfolkning og ny næringsstruktur har ført til at den gamle «finniskulturen» er i ferd med å forsvinne.

Kulturrådet er meget opptatt av at også forskningen innen dette området kan styrkes, men vil tilrå at tilgjengelige midler brukes til forskning i tilknytning til eksisterende museer og forskningsinstitusjoner og ikke til oppbygging og administrasjon av nye.»

Styrk barneboka i små språkområde

Med visse reservasjonar slutter Norsk kulturråd seg til Nordisk Råd sitt medlemsframlegg A 834/k om skiping av eit barnebokinstitutt for dei små språkområda. Rådet meiner det er viktig å styrke barneboka si stilling på Grønland, Færøyane og i dei samiske områda. Samproduksjon og felles utspel retta mot bokutgjevarar, massemedia, forskningsmiljø og politiske myndigheter vil hjelpe til å sikre bokproduksjonen.

«Forutsetningen for å realisere denne tanken er økte nasjonale og nordiske bevilgninger til honorering av forfattere og illustratører og til produksjon av barnebøkene. Utgivelsene på disse små språkene hemmes av mangelen på kapital hos forlagene i de aktuelle områdene. Med disse reservasjonene vil Norsk kulturråd gi sin støtte til forslaget om å opprette et felles organ som kan bidra til å styrke barnebokas stilling i de små språkområdene – evt. i samarbeid med den nye nordiske litteraturkomiteen under Nordisk Ministerråd.»

Nordisk bokserie

Medlemsframlegg A 848/k i Nordisk Råd om ein nordisk bokserie kommenterte rådet slik:



Barn og bøker – to ord som bør høye saman. Foto: Erik Landmark.

«Norsk kulturråd finner medlemsforslaget interessant, og stiller seg positivt til hovedlinjene i det fremlagte forslag om en nordisk bokserie. Rådet finner imidlertid at saken må utredes nærmere både når det gjelder kostnader til innkjøp/distribusjon og de administrative sidene ved gjennomføringen.»

Naudsynt å verne folkloristiske kulturytringar

I ei fråsegn gav rådet m.a. uttrykk for at Noreg bør slutte seg til eit framlegg frå UNESCO om internasjonalt vern av folklore. Folklore er ein viktig og positiv del av eit folk sin identitet.

Dei lokale kulturane er idag under intens påverknad av ein kommersialisert

felleskultur. Det er viktig at nasjonale særtrekk med rot i eige miljø framleis kan eksistere, då desse både er identitetsskapande, forklarer kulturskilnadar samt gjev tilskot til forståing for andre kulturformer. Det vert difor også viktig å styrke eit internasjonalt samarbeid.

Norsk kulturråd har ved fleire høve stødd registreringar og ivaretaking av norsk folkekultur og ser positivt på framlegg om å styrke slikt arbeid. Rådet meiner det er særleg viktig at skulane legg sterke vekt på undervisning i folkekultur.

Elevar med røter i andre land og kulturar har og trøng for støtte i sin opphavelege kultur.

Rådet tek etterhald på punktet om at arkiva skal ha tilsyn med (monitor) bruken av det innsamlia materialet. Rådet meiner og det er diskutabelt om ein treng eit frittståande folkekulturråd i Noreg.

Samiske slektsbøker Identitetsskapande

I ei fråsegn til Norsk Folkemuseum, samisk avdeling, vedkomande framtidig finansiering av samiske slektsbøker heiter det m.a.:

«Norsk kulturråd finner at samiske slektsbøker kan ha betydning for å utvikle og underbygge samisk identitet, og at de i så måte kan være viktige bidrag til styrking av samisk kultur.»

Rådet må imidlertid i ethvert tilfelle ta stilling til de enkeltsøknader som måtte komme, og under dette vurdere hvilken språkform de presenteres på.»

Mange prosjektframlegg til FN sitt kulturtår

Perioden 1988-97 er definert som FN sitt kulturtår.

Norsk kulturråd er av Den norske kul-

turtiårskomite/Den norske nasjonal-komiteen for UNESCO beden om å vurdere fleire prosjektframlegg.

Rådet finn framleggget om ein konferanse om kultur som vekstfaktor interessant og realiserbart. Eit seminar retta mot politikarar og embetsfolk om aktuelle kultursørsmål og kulturinstitusjonar er og ønskjeleg å få til. Rådet peiker på at kulturforståing og kunnskap er viktig i samarbeidet mellom land. Dette gjeld både i forretningslivet og innan politikken. I ein slik samanheng vil eit europeisk nettverk for ungdomssørsmål, sterke synleggjering av innvandrarkultur og framlegg om å finne ut av dei transnasjonale kulturstraumane sin påverknad vere av interesse.

Eit initiativ for å stimulere kunst- og kulturtilbodet og dei estetiske faga sin plass i skolen vil vere eit viktig tiltak i Noreg, meiner rådet. Eit pågående samarbeid mellom Grunnskolerådet og Kulturrådet kan ha interesse i ein slik samanheng.

Det har skjedd ei sterk utvikling av kulturlivet, særleg regionalt og lokalt, i Kulturrådet sin funksjonstid. Ei synleggjering av denne utviklinga kan og vere ei oppgåve i samband med kulturtåret.

Styrk kunnskapen om nabolandslitteraturen

Om medlemsframlegg A 835/k i Nordisk Råd om eit nordisk omsetjarsentrums i Vasa og framlegg A 841/k om ei nordisk stipendieordning for skjønnlitterære omsetjarar uttalte rådet at det stiller seg positivt til framlegg som kan føre med seg at nabolandslitteraturen i Norden vert meir lese, og at arbeids- og studietilhøva for omsetjarane vert betre.

I 1984 løyvde rådet midlar til opprettning av eit norsk omsetjarsentrum. Dette er no blitt ein aktiv samlingsstad for omsetjarane. Rådet stiller seg likevel tvilande til trøngen for ein ny, nordisk institusjon.

«Det synes som man ville kunne få mer ut av de samme midlene dersom man i stedet for å satse på lengre opphold for fem-seks utvalgte oversettere, innkalte flere oversettere og forfattere til kortere kurs og seminarer. Disse burde kunne legges til allerede eksisterende nordiske fellesinstitusjonar. Også flere nordiske reise- og arbeidsstipend ville kunne gi oversettere anledning til å oppholde seg i lengre tid ved interessante studiesteder i Norden, bl.a. i Vasa.»

Rådet er opptekne av at kunnskapen om kva som skjer innan litteraturfeltet i Norden skal auke. Eit viktig bidrag her vil vere auka løyvingar til Naboland-litteraturkomiteen sitt arbeid.

Betre litteraturtilbod til lesehandicappa

Til framlegg i Nordisk Råd (A 847/k) om nordisk samarbeid om produksjon av littleste bøker for lesehandicappa gav rådet denne fråsegna:

«Norsk kulturråd stiller seg positivt til forslag som kan bidra til et bedre litteraturtilbud til lesehandicappede og vil støtte medlemsforslaget om å foreta en utredning om mulighetene for et nordisk samarbeid om produksjon og oversettelse av littlest litteratur samt utveksling av erfaringer i arbeidet.»

Utgreiingar

Norsk kulturråd har dei siste åra sett i gang følgjande utgreiingsarbeid som er avslutta og/eller handsama av rådet i 1988:

Ny løyvingspolitikk på kulturvernombordet

Våren 1988 sette Kulturrådet ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere rådet sin framtidige løyvingspolitikk på kulturvernombordet. Utgangspunktet skulle vere rådet sine retningsliner og den ferske stortingsmeldinga om bygnings- og fornminnevernet.

Resultatet vart notatet «Norsk kulturråd og kulturminnevernet».

Her gjer rådet ei avgrensing mellom Kulturfondet og Miljøverndepartementet med Kulturminnefondet/Riksantikvaren sine oppgåver.

Rådet vurderer det slik at Miljøverndepartementet bør skaffe midlar til alt som kjem inn under kulturminnelova og dei tilleggsoppgåver/område som stortingsdokumenta omtalar.

Ved å konsentrere seg om oppgåver som høyrer til under rådet sitt ansvarsområde, kan ein ved å bruke Kulturfondet gå sterkare inn på andre kulturvernoppgåver enn no. Av slike oppgåver kan nemnast:

- lokalhistoriske samlingar
- fotobevaring
- konservering/restaurering
- dokumentasjonsprosjekt
- samtidsdokumentasjon
- utvikling av formidlingskompetanse, -metodar og -teknologi
- utvikling av nomenklatur *
- bruk av EDB og annan teknologi
- kultur(vern)formidling
- tilhøvet kultur og reiseliv
- kultur som distriktpolitikk og næringsslivsutvikling

Etter ein kort overgangsperiode vil Kulturrådet *ikkje* stoppe:

- freda og bevaringsverdige bygninger/anlegg
- faste tekniske og industrielle kulturminne
- fartøyvernarbeidet
- faste kulturminne knytta til kystkultur og kvinnekultur
- lokale verneplanar
- samisk kulturminnevern
- initiativ vedkommende utdanning i gamle handverk

* Namn og spesialuttrykk i eit fag/ein vitskap e.l.

Tekniske og industrielle kulturminne må vernast

Utgreininga om «Bevaring av tekniske og industrielle kulturminner i Norge» vart gjort ferdig i 1988 og er ei av dei større oppgåvene rådet har arbeidd med sidan 1984.

Ei viktig målsetting med dette arbeidet har vore å leggje fram ein landsom-


femnande handlingsplan for eit felt som til i dag har vore dårleg dekka.

Vern av tekniske og industrielle kulturminne er ei oppgåve som må prioriterast no, då endringane skjer raskare og meir definitivt innafor industriverksemid enn på andre samfunnsområde. Utgreininga sett opp konkrete framlegg til prioriteringsoppgåver med omsyn til registreringar og bevaringsobjekt.

Samtige høyringsinstansar peiker på trøngen for auka innsats for bevaring av tekniske og industrielle kulturminne, og voner innstillinga kan bli normgjevande for det vidare arbeidet.

Med omsyn til organisering av arbeidet er det ulike syn på korleis dette bør skje. Likeså kva vedgår opprettning av fagkonsulentstillingar innan teknisk og industrielt kulturvern.

Frå produksjonen i Kapp Melkefabrikker, Øvre Toten. Kvinnene legg etikettar på bokser med Viking-mjølk. Frå 1908. Foto v/Toten Museum.





Hovudkonklusjonen i utgreiinga står likevel fast. Det haster med å verne tekniske og industrielle kulturminne.

Ny fordelingsplan for innkjøpte kunstverk

Ei av rådet sine store saker i 1988 var fordelingsplanen for innkjøpte kunstverk (samtidskunst og kunsthandverk).

Rådet sette i 1985 ned ei arbeidsgruppe med det mål å lage eit framlegg om fordeling av dei innkjøpte kunstverka og vurdere andre måtar å organisere innkjøpsarbeidet på. I framlegget til fordelingsplan heiter det m.a.:

- fordelinga skal byggje på det eksisterande nettverket av faste samlinger

av biletkunst og/eller kunsthandverk. Nye institusjonar kan og bli vurderte

- det desentraliseringe, distriktpolitiske aspektet er eit hovudprinsipp for fordelinga

- Utvelginga av kunstverk til dei ein-skilde samlingane skal ha som hovudformål å hjelpe desse til å få større breidd både kunstnerisk og geografisk

- for kunsthandverk vil rådet prioritere kunstindustrimusea og Nordnorsk Kunstmuseum

Ved dette høvet vurderte ikkje arbeidsgruppa andre måtar å organisere innkjøpsarbeidet på. Det vil bli gjort i 1989.

Komitéen frå Sogn og Fjordane vurderer nokre av dei 1300 kunstverka Kulturrådet hadde til fordeling. Frå venstre Astrid Wittersø, Rolf Braadland og Svein Thingnes. Foto: Rolf Soler/Nationen.

Viktig med betre kulturstatistikk
Norsk kulturråd har engasjert seg i arbeidet for å få ein betre kulturstatistikk i Noreg. Rådet har i det høve fått utarbeidd ei kartlegging av behovet for slik statistikk. Resultatet er gjort tilgjengelig i hefteform.

Dei siste 20-30 åra har på mange vis endra rammene for norsk kulturliv. Meir fritid, høgare utdanning, nye tek-

Dei olympiske vinterleikane 1994

nologiske hjelpemiddel i hushald og i kulturformidling samt betre økonomi har ført til nye mogelegheiter for både å bruke kulturtildelning og vere aktiv på flere område. Rapporten syner at det er trøng for meir og betre statistikk både om bruk av og aktivitet i kulturtildelning.

På bakgrunn av dette har rådet teke initiativ til å skape eit samarbeidsutval for kulturstatistikk. Vidare har rådet foreslått ovafor Den norske hovedkomiteen for FN's kulturtår at det å få til ein vesentleg forbetra statistikk vert eit av måla for komiteens arbeid.

Driftsproblem for norske kulturtidsskrift

For å få klarlagt situasjonen for tidsskrifta i Noreg vart Sigve Gramstad engasjert til å gjere ei utgreiing der oppgåva var å:

- gje ein presentasjon av tidsskrifta
- etterkje spreieing og bruk
- vurdere drift, økonomi og distribusjon
- vurdere framlegg til betring av situasjonen m.a. med sikt på betre spreieing

Utgreiinga vart avgrensa til dei som søkte Norsk kulturråd om støtte for 1986 og 1987, til saman 72 tidsskrift.

Arbeidet skulle byggje på tilgjengeleg grunnlagsmateriale.

Det vart likevel naudsynt å skaffe fram nytt materiale for å få tilfredsstillande oversyn over situasjonen.

M.a. vart to spørjeskjema sende ut, representantar for distribusjonskanalane intervjuet og eit delprosjekt om bidragsytarar gjennomført som semesteroppgåve ved medielinja på Møre og Romsdal distrikthøgskule.

Utgreiinga konkluderte med at eit hovudproblem for tidsskrifta er at dei er for små. Dette fører til for små inntekter av sal, abonnement og annonsar. Denne pengemangelen får som konsekvens manglende marknadsføring og distribusjon, noko som igjen fører til at tidsskrifta ikkje når ut. Dermed er den «vonde sirkelen» slutt.

Då Kulturrådet handsama utgreiinga vart definisjonen av kulturtidsskrift endra til:

«Med kulturtidsskrift mener Kulturrådet tidsskrift som tar sikte på å nå et alment publikum med informasjon og refleksjon om kultur- og samfunnsspørsmål eller gir plass for presentasjon og analyse av kunstartene og kulturvern»

Rådet la vidare vekt på at støtta skal fremje høg kvalitet og eit breitt tilbod av tema.

Rådet løyvde kr 500 000 i 1988 til ekstraordinær innsats for å betre kulturtidsskrifta sin situasjon. Rådet ba Norsk Tidsskriftforum gjennomføre ei prøveordning over 3 år med i første rekke følgjande innhald:

- Utarbeiding av ein tidsskriftkatalog
- kurs og rådgjeving
- etablering av kulturpunkt (salsstad som har tidsskrifta)

Med omsyn til støtteordninga vert både innkjøps- og oppstartingsstøtta som før. Honorarstøtta vert opphevd, men rådet kan gje slik støtte etter spesiell søknad frå tidsskrifta.

Desse kan og få særskilt støtte, t.d. til temanummer, og alle tidsskrift som fell innanfor definisjonen kan få driftsstøtte.

At Lillehammer skal arrangere olympiske vinterleikar i 1994 gjev ein unik sjanse til å profilere norsk kultur og kunst i verdssamanheng. Kulturrådet er i høg grad opptekne av at så skal skje, og gjorde i det høve følgjande vedtak som vart sendt pressa og Kultur- og vitaksdepartementet:

«Med utgangspunkt i beslutningen om at de olympiske vinterleikar skal legges til Norge i 1994, vil Norsk kulturråd fremheve betydningen av at norsk kunst og kulturvern gis en bred presentasjon i forbindelse med lekene. Det må tas med særlige midler til disse formål i de samlede ressurser som avsettes til arrangementene, uten at dette går ut over de midler som ellers bevilges til norsk kunst eller kulturvern.»

Norsk kulturråd ber om at det nedsettes et eget utvalg i tilknytning til hovedkomiteen for arrangementene, til å ivaretaka norsk kulturvern og fremme norsk kunst.»

Konferansar

Som ein del av arbeidet med Norsk kulturråds innstilling om bevaring av tekniske og industrielle kulturminne i Noreg, inviterte Kulturrådet til konferanse i Porsgrunn i juni. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Norges Industriforbund, Landsorganisasjonen, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer og Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring. Den sist nemnde var arrangør.

Konferansen vart lagt opp som høyring, der deltakarane fekk høve til å kome med synspunkt på innstillinga og eventuelt få synspunkta med i den endelige utforminga.

Til konferansen vart invitert representantar frå næringslivet sine organisasjonar, ulike industribransjer, fylkesadministrasjonane og -politikarar, fylkeskonservatorar, musea og verneinteressane elles. Tilsaman møtte omlag 150 deltakarar. Innleiarar var foredragshaldarar frå arbeidarrørla og industrien. Konferansen drøfta også gruppevis tema som «bevaringsmåter», «dokumentasjon», «dokumentasjonsmetoder» og «ansvarsforhold».

Konferansen vedtok samstemmig ei fråsegn som vart overbrakt Kulturrådet for vidare formidling til Miljøverndep., Kultur og vitaksdep., Næringsdep. og Kommunal og arbeidsdep. I fråsegna står m.a.:

«Med vår tids raske industrielle omstilling er i økende grad vesentlige industriminner utsatt for å gå tapt. Konferansen har bekreftet viktigheten av at arbeidet med dokumentasjon og bevaring ikke stopper opp, men bygger videre på den solide plattform som utvalgs-innstillingen har lagt.

(...) Vi står foran en oppgave så stor og ressurskrevende at betydelig statlig engasjement vil være nødvendig for å redde mange umistelige verdier.»

Prisvinnarar 1988



Guttorm Hansen (t.h.) gratulerer Arne Skouen med Norsk kulturråds ærespris for 1988. I midten Kari Skouen. Foto: Henrik Laurvik/NTB.

Den årlege utdelinga av Norsk kulturråd sine to prisar skjedde ved eit større arrangement i Oslo Konserthus 7. desember.

Æresprisen var i år på kr 100 000. Omsetjarprisen var på kr 30 000.

Æresprisen

Kulturrådet sin ærespris for 1988 vart gjeve til forfattaren, filmskaparen og journalisten Arne Skouen. Skouen, født i 1913, debuterte som forfattar 19 år gammal. Sidan då har han ein omfattande produksjon bak seg både som forfattar, filmskapar, skribent og journalist.

I sin tale til prisvinnaren sa medlem i Kulturrådet, Guttorm Hansen, m.a. at Arne Skouen som krønikeskrivar har gjeve viktige bidrag til å forstå vårt hundreår. Hans produksjon og engasjement gjev oss også eit bilet av «et menneske som både hadde en sosial indignasjon i sitt sinn, en medfølelse med de svake og aller svakeste, en bunden varme bak den kjølige, knappe stilien som aldri lot en leser überørt.» Og vidare: «Arne Skouen har søkt redelig-

heten i sin diktning, sin journalistikk, han har vært en ordets soldat på en ensom – og ofte kald vaktpost.»

Omsetjarprisen

Prisen vart i år gjeve til forfattaren Paal Brekke. Brekke har i særleg grad introdusert sentrale europeiske kulturstraumar i norsk litteratur. Han sto t.d. sentralt ved lanseringa av modernismen i Noreg. I sin gjendiktargjerning har Brekke og synt usedvanleg brei orientering, m.a. ved å gjøre diktning skrive på meir utilgjengelege språk kjent for norsk publikum.

Kulturrådet seier m.a. dette om Paal Brekke sitt arbeid:

«Som gjendikter viser Paal Brekke stor respekt for og innsikt i originalens nyanser og stilplan, samtidig som hans sans for levende og rikt norsk språk sikrer at den norske gjengivelse er litteratur på høyde med norsk originallitteratur.»

Barne- og ungdomskulturarbeidet i Norsk kulturråd

Arbeidet med barne- og ungdomskultur som eige felt i Norsk kulturråd har berre ein nærig historie. Likevel er dette i dag ein viktig del av rådet sitt arbeidsområde. Frå ein spe start i 1980 har utviklinga gått slik at barnekulturtvalet disponerte 5,4 millionar i 1988. Sakshandsamar engasjert på heiltid har og gjort sitt til at feltet har fått meir tyngde og med det også større interesse utad.

Barnekulturtvalet blir skipa

I den nordiske barnekulturreporten frå 1978 heiter det m.a.:

«Det kommersielle tilbud gir en uniformering av barnas holdninger i en bestemt ideologisk retning, en påvirkning til forenkling, forflatning og standardisering av smak, språk og bildeoppfatning.»


Utsegnet viser at ein alt for 10 år sidan var sterkt opptekne av og uroa over utviklinga av barn og ungdoms oppvekstmiljø.

Ein såg det slik at det var naudsynt å skape haldningar og tiltak som kunne medvirke til ei anna og meir positiv utvikling, både på landsbasis og i det einskilde lokalmiljø.

Etter ønske frå rådet laga det dåverande Barnebokutvalet i 1979 ei utgreiing om rådet sitt arbeid med barn og kultur. På bakgrunn av utgreiinga og då det ikkje fant noko statleg organ med hovudansvar for denne type kulturarbeid, fann rådet det viktig å leggje større vekt på kulturtiltak for og med barn.

1. februar 1980 vart det difor skipa eit utval for barnekultur.

Utvalet starta ikkje på bar bakke. Heilt frå rådet vart skipa i 1965 hadde tiltak for barn og unge fått støtte over avsetjingane til dei andre saksområda. Rådet hadde og engasjert seg i barn og



Det bur ein kunstnar i oss alle. Foto: Roy W. Gabrielsen.

kultur spesielt, t.d. ved å gje ut katalogar over gode barnebøker, lage innkjøpsordning for barne- og ungdomslitteratur, skipe til konkurransen om skulptur i leikemiljø, teke initiativ til rapportane om barneteaterarbeid og frivillege musikkaktivitetar for barn og ungdom og til Sundvollenkonferansen om «Barn og kultur» i 1975, ein konferanse som brøyta nytt land på dette området.

Utviklinga fram mot 1984

Er det rett å skilje kulturarbeid mellom barn ut som eit eige område, spurte barnebokutvalet i utgreiinga. Dei såg mange negative sider ved å gjere dette, men kom til at barn sine interesser var så lågt prioriterte at utvikling og utbygging av ein eigen barnekultur var naudsynt for å styrke desse.

Det nye utvalet fekk eit vidt mandat. Det skulle ta vare på barn sine interesser innafor rådet sitt arbeidsområde, ha særskilt ansvar for barn og litteratur og ha oversikt over feltet barnekultur. Dei viktigaste arbeidsoppgåvene skulle vere å følgje opp forslag, ta initiativ og setje i gang tiltak og prøveprosjekt.

I praksis vart utvalet sitt arbeid koncentrert om å gje tilrådingar til rådet om stønadssøknader, vurdere kor det var trond for nye tiltak, setje desse i verk samt utarbeide framlegg til prøveprosjekt.

Utvælet arbeidde og for å få til ei veka-avis for barn, samt med å førebu Barnteaterprosjektet i Hordaland og barnebokaksjonen.

Dei to siste prosjekta vert omtala lenger bak i kapitlet.

Hausten 1984 la Barnekulturutvalet fram ein rapport der dei konkluderte med at røynslene etter 5 år med barnekulturutval var positive. Bortsett frå eiga disposisjonsavsetjing og heiltidssekretær var Barnebokutvalet sine intensjonar og framlegg i rimeleg grad fulgt opp. Barnekulturutvalet la vidare fram ein fyldig handlingsplan og gjorde framlegg om ei årleg avsetjing på 500 000 kroner til barnekultur.

På dette grunnlaget gjorde rådet vedtak om å nemme opp eit barnekulturutval også for den neste 4-årsperioden.

Verksemda 1985 – 1988

Denne fireårsperioden vart prega av stor auka i aktivitetane, særleg mot slutten. Dette heng saman med Stortingets løving på 5 millionar kroner frå og med 1987 og engasjering av sakshandsamar i oktober same år, hendingar som var med å gje barne- og ungdomskulturbeidet status.

I 1985 kom to viktige tiltak igang etter initiativ frå rådet.

Det eine var barnebokaksjonen BARN + BØKER = BRA. Denne gjekk av stabelen hausten 1985 med tilsaman nesten 1500 arrangement.

Det andre var Barneteaterprosjektet i Hordaland.

1986 vart året som markerte auka sat sing. Rådet vedtok å bruke 500.000 av posten «Andre formål» til barnekultur og 1986 vart første året med eiga avsetjing på dette feltet.

Midlane vart i hovudsak brukt til ny barnebokaksjon og til førebuing av konferansen om barn og kultur i Haugesund. Ei gledeleg melding fekk ein då Regjeringa gjorde framlegg om å løyve

5 millionar kroner til kulturtak for barn og ungdom i 1987.

Det viktigaste einskiidtiltaket i 1987 var barnekulturkonferansen i Haugesund. Denne var på fleire måtar ei oppfølging og vidareføring av konferansen på Sundvollen i 1976.

Dei nye midlane førte til mange nye søknader. Mange av desse vart likevel avslagne då dei ikkje heldt naudsynte krav til oversøringsverdi og nybrottskenning. Røynslene var at det tek tid å arbeide inn eit nytt satsingsområde.

Mange gode prosjekt fekk likevel støtte. Som døme kan nemnast Rikskonseriane sine forsøk med musikk for førskolebarn, litteraturprosjektet for barn og ungdom i regi av Telemark fylkeskommune, Barneteaterprosjektet og Stiftelsen Landsteilene:

eit kombinert arbeidstrenings- og kulturvernprosjekt med det mål å bli eit kystkultursenter for Akershus samt å gje eit tilbod til arbeidslaus ungdom frå Nesodden. I tillegg må nemnast Ungdomens kulturmönstring som Kulturrådet sjølv tok initiativ til. Målet her er å få ungdom mellom 12 og 20 år sine kulturaktivitetar fram i lyset. I 1987 var temaet musikk.

Gjennom mönstringar som starta på kommune- og fylkesplan, endte ein tilslutt opp i ei landsmönstring der representantar frå kvart fylke, tilsaman 800, deltok. Ungdomens kulturmönstring er alt på veg til å bli ein årvis tradisjon. I 1988/1989 var teater tema, medan bilet-kunst/film er tema i 1990.

Den nye sakshandsamaren vart tilsett i oktober og byrja straks arbeidet med komande prosjekt.

Satsinga på barne- og ungdomskulturområdet kom i enno høgare grad til syn i 1988. Då vart det arbeida med mange og også store prosjekter. Nokre døme er:

– «Levende bilder – barn og unge» der målsettinga er å trenere barn og unge i «lesedyktighet» med omsyn til levande bilete. Prosjektet omfattar til no 11 kommunar og vert gjennomført i samarbeid med Statens Filmsentral.

– «Prøv selv» som er forsøk med ei tilskotsordning i ti kommunar i Vestfold og Trøndelag der barna kan sjøkje om midlar frå Kulturfondet. Siktemålet er å styrke barns kultur og stimulere skapande utfolding ved at barn sjølv tek ansvar for utføring og utforming av tiltaka.

– «Journalistikk for barn» som skal prøve ut skriving av avis med barn som målgruppe. 7 aviser er med i prosjektet som vert gjennomført i regi av Institutt for Journalistikk.

– «Litteraturprosjekt for ungdom» i regi av Telemark fylkeskommune

– «Forsøk med musikktildeling for førskolebarn»

– «Kartlegging av barns egen kultur» som går ut på å finne aktuell dokumentasjon som skal gje innhald til omgrepene «barns egen kultur». Arbeidet vert utført av Senteret for barneforskning.

– «Kunstskolar for barn og unge» der målsettinga er å stimulere fantasi og skaparevne og gjøre barn og ungdom merksame på kunsten sin verdi i samfunnet før og no. Kunsthåndverkarar, bilet-kunstnarar, fotografar og skolane sine pedagogar skal arbeide saman for å få dette til. Prosjektet er i samarbeid med Grunnskolerådet og Kommunaldepartementet.

Mot nye mål

I oppsummeringa frå Det faglege utvalet for barnekultur for perioden 1984-88, heiter det m.a.:


«Utvalet har langt på vei gjennomført de mål som ble satt for arbeidspérioden. Det er bevilget midler til og satt i gang en rekke prosjekter som er av betydning for barn og unges kultur og fritidssituasjon.

sjon, og som sansynligvis vil gi ny kunnskap på området.

Utvalget ser det ellers som helt vesentlig at det i perioden ble knyttet en fast saksbehandler til arbeidet.»

Barnekulturutvalet ønskjer m.a. å arbeide med følgjande område og tiltak den komande perioden:

- Teater, dans og musikk
- Museumsaktivitetar og kartlegging av nær fortid
- Etablering av eit nasjonalt arkiv for barn- og ungdoms kulturelle yttringsformer
- Ungdommens kulturmønstring
- Barn og unge innanfor kommunale budsjett
- Kva verknader har det nye inntektsystemet for barn og unge
- Ulike tiltak for samiske barn og unge
- Igangsetjing, vidareføring og avslutning av større prosjekt med ein oppsummerande konferanse i 1990 eller 1991.
- Vidareutvikling av kontakten og samarbeidet mellom dei nordiske landa
- Iverksetjing av aktuelle, større prosjekt i utvalde kommunar og fylke. Søknadstalet frå kommunane gjekk ned i 1988.
- Truleg er ei sentral årsak til dette at budsjetsituasjonen ikkje gjer rom for å bruke ressursar på nye tiltak og område.
- Inntil ein million kr frå løvinga til barne- og ungdomskultur er difor avsett til konsentrert satsing på barne- og ungdomskulturarbeid i eit utval kommunar og fylke.
- Arbeidet med utvikling av heilskapskolen. Grunnskolerådet og Kulturrådet har innleia eit samarbeid om heilskapsskole i skole- og kulturpolitiske perspektiv. Det er sett ned ei



Vi morer oss til døde!. Teikning: Ulf Aas.

samarbeidsgruppe med deltakarar frå dei to råda.

Frå George Orwell til Aldous Huxley

Vi siterte innleatingsvis den nordiske barnekulturrapporten sin heller dystre situasjonsrapport frå 1978. Men korleis er situasjonen i dag?

Mykje kan tyde på at det kommersielle tilbodet har enno større plass i barn og ungdom sin kvardag enn i 1978. Tradisjonelle og lokale verdiar og haldningar må i aukande grad vike for ein kommersiell universell kultur der rå styrke, valdsbruk og konsum ofte vert marknadsført som dominante verdiar. Mykje av dette tilbodet er heller ikkje av tilfredsstillande kvalitet korkje kunstnerisk eller på anna vis.

Er vi som Neil Postmann hevdar i boka «Vi morer oss til døde», på veg mot eit samfunn der trugselen ikkje er ei sentral

makt med total kontroll, men derimot ein stadig meir dominante underholdnings- og informasjonsindustri? «Når en befolkning blir oppslukt av trivialitter, når kulturliv får ny definisjon og blir til en evig runddans av underholdning, når seriøs offentlig samtale blir til en form for barnebabbel, kort sagt når et folk blir til et publikum og deres offentlige liv blir til et varietenummer, da er det fare på ferde for denne nasjonen, og kulturdød er en nærliggende mulighet», seier Postmann.

Er dette riktig er det viktigare enn nokon gang å mobilisere alle gode krefter til felles løft for ei anna utvikling.

Norsk kulturråd vil med sitt engasjement i barne- og ungdomsarbeid vere ein pådrivar for at barn og unge sine interesser og behov skal ivaretakast og for å skape kvalitativt gode og trygge oppvekstmiljø. Ofte vil det vere viktig at dette arbeidet skjer tverrsektorelt og tverretatleg, då vedtak som former og

To døme på barne- og ungdomsprosjekt

initiert og støtta av Norsk kulturråd

påverkar oppvekstmiljø og oppvekstikår i regelen vert teke i fora som i utgangspunktet ikkje har med barn og ungdom å gjere.

Eit godt oppvekstmiljø er sjølvsagt meir enn det reint fysiske miljøet. Barn og ungdom må og få høve til å utvikle den kulturelle skaparkrafta som ligg i kvar einskild.

Oppvekstmiljøa må difor også omfatta element og institusjonar som kan formidle kunnskap og byggje opp etiske og estetiske verdiar og slik vere med å forme og styrke den einskilde sin identitet.

Kvalitet er eit nøkkelord for Kulturrådet. Tiltak som rådet står og prosjekt rådet sjølv står bak, skal presentere kvalitet. Dette gjeld sjølvsagt og arbeidet med barne- og ungdomskulturen. Kva som er kvalitet for barn og ungdom er det likevel ikkje alltid like lett å gje ein tydige svar på.

Det er viktig å stimulere barns eigenart som barn. Dette vil seie at vi også må kunne akseptere barn og ungdom på deira eigne premiss. Barn og ungdom sine spesielle kulturytringar må vi ikkje ta frå dei, men oppmuntre og gje rom for utfalding. For barn og ungdom er det vidare viktig at også prosessen, t.d. planlegging, tilrettelegging og sjølve arbeidet på vegen mot eit resultat, tel med når tiltaka skal kvalitetsvurderast.

I barnekulturutvalet sitt langtidsprogram peiker ein både på det viktige i å synleggjere barn og ungdom i samfunnet og at tiltak som vert støtta skal vere med å skape kontakt mellom generasjonane. Utvalet poengterer at det nettopp i nedgangstider er viktig å bruke ressursar på kulturtiltak. For å få fram idear og syne at det nytter, vert det og viktig å hente inn røynsler frå igangsette eller avslutta tiltak, og spreie informasjon om desse.

Oppgåvene er mange i åra som kjem. Men 1980-åra har vist at det var fram-synt og riktig å satse på barn og ungdom. Rundt om i mange lokalsamfunn hauster ein alt no fruktene av dette. Men dei gode resultata vi ser i dag, må berre vere starten. Ei auka satsing på barn og unge med kunnskap og kultur som vekstfremjande middel, vil gje «tusen fold» att.



Ei av rådet sine viktigaste oppgåver er å vere «fødselshjelpar» for nye og interessante tiltak. Rådet har difor som politikk å støtta prosjekt over ein tre-års periode slik at dei kan kome igang og syne om dei er levedyktige.

Kva prosjekta utretter, og korleis det går når dei ikkje lenger har stønaden frå rådet er viktig å vite, både med tanke på mogleg overføringsverdi for tilsvarande prosjekt og for planlegging av nye prosjekt.

Vi skal difor presentere 2 prosjekt innan barne- og ungdomssektoren som rådet har initiert og støtta i 1980-åra. Det er «Barnebokaksjonen/veka» og «Barne-teaterprosjektet i Hordaland».

Barnebokaksjonen

Barnebokaksjonen hadde utgangspunkt i innstillinga «Norsk barnelitteraturs situasjon» (1981). Kulturrådet ba Barnekulturutvalet nemna opp eit utval for å vurdere eit årleg barnebokvekarrangement. Målsettinga skulle vere å rette søkjelyset mot og stimulere produksjon, distribusjon og bruk av god barnelitteratur.

Interessa for ei slik veke syntet seg å vere stor. Det vart vald ei aksjonsleiring med Trine Kolderup Flaten (formann), Trygve Johansen, Sissel Rønbeck, Hans Petter Foss og Torill Thorstad Hauger. Gunvor Thori Kroken vart sekretær.

Etter eit omfattande førebuingssarbeid, vart barnebokveka/ barnebokaksjonen arrangert hausten 1985.

Opplegget vart ein stor suksess. Nærare 1500 arrangement i 253 kommunar fann stad. Biblioteka sto for dei fleste, men og andre deltok. T.d. markerte 124 bokhandlarar veka med materiell og utstillingar, medan einskilde bokhandlarar også laga til forfattarbesøk, barne-timar og bokmesser.

Eit slikt resultat måtte rimelegvis følgjast opp, og aksjonsleiringa sa seg viljuge til å stå for arrangementet også i 1986.

Rådet løyvde inntil 200 000 kroner til oppfølging.

Også barnebokaksjonen/barnebokveka i 1986 vart suksess.

Det var semje om at opplegget var kommen for å bli og Kulturrådet trakk seg ut som aktiv partner.

1987 vart likevel eit mellomår. Bibliotekentralen sendte ut materiell frå årssør, men noko meir vart stort sett ikkje gjort frå sentralt hånd.

I Kultur- og vitisksdepartementet såg dei med uro på at det gode tiltaket sto i fare for å bli borte. På Kulturrådet sin barnekulturkonferanse i Haugesund våren 1987, ba KUD Statens Bibliotektilsyn ta initiativ til ein ny landsomfattande barnebokaksjon i 1988. Bibliotektilsynet sa seg viljuge og KUD løyvde 350 000 kroner. Det vart sett ned eit aksjonsutval med representantar frå folkebibliotek, skole, forfattarar, forlag, kommunale kinoar, «Flerkulturell arbeidsgruppe» og A/L Bibliotekentralen.

Ein valde 10-15-åringane som sentral målgruppe og konsentrerte seg om tre hovudinnfallsvinklar:

- Bøker og bibliotek i høve til Noreg som eit fleirkulturelt samfunn
- Skole og folkebibliotek i samarbeid om litteraturformidlinga til barn og unge
- Det positive samspelet mellom bøker og biletmedia

Som overordna motto valde ein «For-elstra i bøker».

Også denne gong vart barnebokveka ein suksess. Det vart gjennomført arrange-

ment i dei fleste kommunane med folkebiblioteka som lokal drivkraft. Også i ein del skolar var det aktivitet, og bokhandlarane hadde sin eigen aksjon parallelt med og nært knytta til barnebokveka.

Både ideheftet, litteraturlistene og forfattarportretta som vart utarbeidd til aksjonen blei godt mottekte og mykje brukt, og aksjonsutvalet sine parolar om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn og bøker og biletmedia vart fulgt opp lokalt.

Barnebokveka har prova si store verdi. Aksjonen er viktig for å fokusere på kvalitetane som ligg i gode bøker. Lesing stimulerer i tillegg lesaren sin fantasi og kan gje kunnskap på ein måte som flyktige biletmedia ikkje kan.

Framtida til barnebokveka er likevel uviss. Ein slik aksjon krev røynde folk i arbeid på heiltid. 1989 ser av «kapasitetsmessige» årsaker ut til å bli eit mellomår. Ein må vone at tiltaket kjem attende med ny kraft i 1990-åra.

Barneteaterprosjektet i Hordaland (BTp)

Dette 3-årige prosjektet vart sett i gang av Hordaland Fylkeskommune på initiativ frå barnekulturutvalet i Norsk Kulturråd.

Forsøksperioden starta i mai 1984 med avslutning i juni 1987.

Målsetjinga var å vise i praksis korleis barne- og ungdomsteateraktiviteten i eit fylke kan styrkast og utviklast både med omsyn til eigenaktivitet og oppleving av teater.

Det førebuande arbeidet i Hordaland byrja i 1981 etter eit møte mellom Kulturrådet og Hordaland fylkeskommune i mai same år. Både Fylkestinget i Hordaland og Kulturrådet gav så «grønt lys» for prosjektet i 1983. Kostnadsramma var omlag 740 000

kroner pr. år, tilsaman omlag 2.2 mill. kroner for dei tre prosjektåra.

Det vart organisert eit sentralt sekretariat og ei styringsgruppe i Bergen.

Det var innan *eigenaktivitetsfeltet* BTp oppnådde mest. Det var heller liten aktivitet på området då prosjektet starta. For å få aktiviteten opp var det naudsynt å:

1. Skolere barne- og ungdomsteaterleiarar
2. Følgje opp for å sikre kontinuitet og vidareutvikling
3. Synleggjere aktiviteten for å auke forståinga og statusen til denne type arbeid

Følgjande tiltak vart prøvd ut:

- Skolering av barne- og ungdomsteaterleiarar ved ulike kursopplegg
- Reisande barne- og ungdomsteaterkonsulent i fylket
- Barne- og ungdomsteaterfestival
- Turnehjelp til barne- og ungdomsteatergrupper
- Teaterverkstad for barn og unge
- Nedsett lesetid for dramalærarar
- Samarbeid mellom profesjonell forfattar, dramapedagogar og ungdomsgruppe om utvikling av manus og framsyning
- Kor lager teater
- Teater med psykisk utviklingshemma
- Ungdom lager teater for førskulebarn

Følgjande tal vil syne omfanget av aktivitetane:

21 kontaktgrupper vart skipa i kommunane, 335 personar deltok på kurs, 44 teatergrupper vart starta opp, sentret sto for 51 teaterkonsulentbesøk og 116 profesjonelle teaterforestillingar og 26 forsøksframsyningar vart subsidiert. Barneteaterprosjektet tok og initiativ til og sto for Barne og ungdomsteaterfestivalen i Sunnhordland. Ein lokal festivalkomite var praktisk arrangør. Fe-



Det var innan eigenaktivitetsfeltet Barneteaterprosjektet oppnådde mest. Teikning: Synneva Heradstveit.

Sekretariatet fekk som hovudoppgåve å gje råd (animasjon) i spørsmål om dramatiske kulturaktivitetar for barn i kommunane. Det skulle og ha kontakt med frie teatergrupper, drive turneplanlegging og ha sakshandsaming for scenekunst.

Den årlege festivalen på Stord skulle og stå sentralt i arbeidet.

Vidareføringa av BTp. vart med det redda, men på eit lågare aktivitetsnivå.

BTp som modell?

Kan så BTp nyttast som modell for oppbygging av teateraktivitet i andre fylke?

Få modellar vil kunne overførast direkte og utan endringar til ny bruk. Regelen vil vere at dei må tilpassast lokale tilhøve.

Slik er det også med BTp. Prosjektet oppnådde gode resultat på mange felt, særleg gjeld dette områda skolering og eigenaktivitet. På andre felt gjekk arbeidet tyngre med tilsvarende færre resultat å vise til.

Både resultata BTp nådde og ikkje nådde, konsekvensane av den administrative og den organisatoriske modellen samt andre sider ved prosjektet er utfyllede drøfta og klårlagt gjennom fyldige prosjektrapportar frå leiinga/styringsgruppa, samt i ein evaluatingsrapport.

stivalen vart ein suksess og er no eit årleg foretak. Festivalen fungerar både som synleggjarar og inspirator og var ifølge prosjektleiarane eit hovudelement i prosjektet saman med skoleringstiltak, reisekonsulent/-instruktør og prosjektsekretariat.

Framtida for prosjektet

Dei opphavelige planane var at BTp

skulle takast over og vidareførast av Hordaland Teater.

Men i oktober 1986 gav Hordaland Teater melding til fylkeskultursjefen at teatret ikkje hadde midlar til å ta på seg oppgåva å drive BTp.

Fylkeskulturstyret vedtok då at prosjektet sitt sekretariat skulle gå over i eit barneteatersekretariat for Hordaland fylke.

Disponeringa av Kulturfondet

Hovudfordeling

For 1988 løyvde Stortinget 107 mill. kroner til Norsk kulturfond. Dette var ein auke på 12.3 mill. frå året før. Ved Kongeleg resolusjon av 26.2.88 vart midlane fordelt slik på dei ulike arbeidsområda (i 1000 kr):

	1988	1987
Litteratur (inkl. innkjøpsordningane)	kr 43 700	(34 700)
Tidsskrift	" 2 000	(1 500)
Musikk	" 8 700	(8 100)
Bildande kunst/kunsthandverk	" 10 500	(9 700)
Kulturvern	" 8 400	(7 800)
Samisk kultur	" 2 800	(2 400)
Barn/ungdom	" 5 400	
Kulturbrygg	" 11 000	(13 400)
Utval, utgreiingar og publikasjonar	" 1 300	(1 200)
Andre formål (i 1987 inkl. barn/ungdom)	" 9 600	(12 300)
Administrasjon	" 3 600	(3 600)
Til saman	kr 107 000	(94 700)

Av Kulturfondet gjekk nær 55 mill. kroner til ulike innkjøpsordningar for litteratur, musikk og biletkunst og til utval og administrasjon. I tillegg var det gjeve tilslagn om støtte til ei rekke formål, ikkje minst på kulturbryggsektoren. Dette batt tilsaman vel 11 mill. av fondet alt ved inngangen av året. Det var såleis ikkje meir enn vel 41 mill. som var til fordeling på grunnlag av søknader.

Oversyn over søknadsmengda i 1988:

Saksområde	Tal på søknader	Tal på søkn. utan sum	Samla søkn.sum
Litteratur	172	(43)	kr 8 481 221
Tidsskrift	72	(23)	" 3 692 351
Musikk (inkl. opera)	258	(42)	" 21 008 039
Biletkunst og kunsthandverk	398	(53)	" 25 856 096
Kulturvern	242	(29)	" 37 600 000
Samisk kultur	97	(12)	" 5 440 230
Barn/ungdom	85		" 8 270 455
Kulturbrygg	50	(4)	" 63 400 000
Andre formål (teater, ballett m.m.)	263	(37)	" 29 086 677
Sum 1988	1 637	(243)	kr 202 835 069
(Sum 1987)	(1 451)	(263)	(kr 160 310 697)

Oversikta syner ein markert auke både i talet på søknader og ikkje minst i samla søknadssum i 1988. I tillegg må reknast nær 250 søknader der det ikkje er gjeve opp søknadssum. Talet på søknader har gått opp på nesten alle felta. Elles sy-

nest det klårt at den øyremerka ekstra-løyvinga i 1987 på 5 mill. kroner til kulturbrygg har skapt store forventningar. Her er det ein auke i søknadssummen på nærmere 23 mill. frå 1987 til 1988. Tala syner og at barne- og ungdomskul-

tur no er etablert som nytt felt. Etter berre eit år med eiga avsetjing er samla søknadssum på over 8 mill. kroner. Også «andre formål» posten syner i realiteten sterkt vekst med omsyn til samla søknadssum. I 1987 var denne på 28 mill. med barne og ungdomskultur inkludert. I 1988 var søknadssummen sjølv *utan* barne- og ungdomskulturområdet kome opp i over over 29 mill. kroner. Dette viser store udekka behov innan felt som ikkje naturleg hører inn under Kulturfondet sine andre arbeidsområde.

At talet på søknader har gått opp med over 200, er gledeleg.

Dette viser at behovet for ein institusjon som Kulturrådet ikkje minkar. I ei tid med økonomiske nedskjeringar i kommunar og fylkeskommunar vil Kulturrådet måtte spele ei enno meir sentral rolle enn før. Men den aukande søknadsmassen synleggjer og eit anna problem. Det vert t.d. vanskeligare å få til lokal medverknad på løyvingssida er oftaft ein føresetnad for at rådet skal løye midlar.

Når ein lokalt ikkje maktar dette, vert konsekvensen at mange gode tiltak og prosjekt må skrinleggjast.

Kulturrådet meiner vidare at behovet for støtte er langt større enn det som kan dekkjast av fondet sine løyvingar. Behovet for støtte er og reellt høgare enn samla søknadsbeløp. Årsaka til dette er både den store mengda søknader utan søknadsbeløp, og at rådet er kjent med at søknader i nokre fall ikkje vert sende, då fondet sine rammer er for små til å gje von om tilskot.

Litteratur

Avsetjing 1988: 43,7 mill. Talet på søknader: 172, av dei 43 utan søknadssum (1987:173/50). Samla søknadssum: kr 8 481 221 (1987: kr 8 693 882).

Midlane til litteratur vart fordelt slik:

1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur (budsjettert)	kr 21 600 000
2a. Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære bøker for barn og ungdom (budsjettert)	» 10 700 000
2b. Innkjøpsordninga for barn/ungdom - utviding	» 7 000 000
Sum innkjøpsordningane	kr 39 300 000
3. Kunstnerisk illustrerte barnebøker	» 800 000
4. Barneblad	» 150 000
5. Andre tiltak for barnelitteratur	» 150 000
6. Produksjonsstøtte	» 1 100 000
7. Ny norsk dramatikk	» 400 000
8. Omsetjarprisen	» 30 000
9. Nynorsk litteratur	» 880 000
10. Til disposisjon, andre litteraturtiltak	» 890 000
Til saman	kr 43 700 000

Ved sluttén av året vart desse avsetjingane styrkt frå posten «Andre formål»:

Andre tiltak barnelitteratur	kr 106 000
Produksjonsstøtte til omsetjingar	» 121 205
Produksjonsstøtte til nyutgjevingar	» 108 800
Ny norsk dramatikk	» 79 400
Nynorsk litteratur	» 8 400
Andre litteraturtiltak	» 13 185

Dispositionsposten (post 10) på litteraturkapitlet vart i 1988 nytta til følgjande formål:

Særskilde utgjevingar	kr 467 685
Seminar, kurs og festivalar	» 21 500
Andre tiltak	» 429 000
Til saman	kr 918 185

Generelt


Frå 1986 til 1987 steig gjennomsnittsprisen på bøkene som vart kjøpte inn under innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne, med 13,3 %. Hovudårsaka til dette var at det i 1987 kom ut mange omfangsrike romanar. Dette gjorde store utslag i kostnadene for innkjøpsordninga. I samråd med forleggarane vedtok difor rådet i første omgang å utbetale berre 80 % av

innkjøpssummen for vaksenbøkene i 1988.

Etter at ankesaker er handsama og den endelege rekneskapen gjort opp, vil rådet vurdere om det er mogeleg å betale meir.

Forfattarane fekk i 1988 oppgjer på vanleg måte.

I 1988 fekk fondet eit øyremerkt tilskot på sju millionar kroner til utviding av innkjøpsordninga for barne- og ung-




Vil litteraturen møte motbør i det framveksande underhaldnings- og informasjonsamfunnet? Teikning: Ulf Aas.

domsbøker. Rådet kjøpte inn 448 ekstra sett av kvar bok for å kunne sende presentasjonsett til alle skolekontor i landet med tanke på vidare spreiing til einskildskolar. Dei nye setta blir fordelt i samråd med Statens bibliotektilsyn.

Då det var vanskeleg å vite kor mange titlar som ville kome med på den utvida ordninga, gjekk rådet varsamt ut og sendte eitt boksett til kvar kommune i første omgang. Rekneskapstala viser no at talet på titlar vil auke noko jamfört med ifor. Då vart 93 titlar kjøpte inn. Dette er likevel ikkje fleire enn at ein kan kjøpe inn meir enn 448 sett. Den varsame utvidinga har likevel vist seg å vere klok politikk i innkjøyringsperioden.

Avsetjinga til litteraturformål i 1988 tok utgangspunkt i at dei to innkjøpsord-



Teikning: Ulf Aas.

ningane ville krevje 39,3 mill kroner. Då hadde ein rekna med om lag 200 vaksenbøker til 80 % utbetaling eller 178 titlar til 100 % utbetaling og 95 barne-/ungdomsbøker.

Talet på titlar ser no ut til å bli i underkant av 190 på vaksenordninga, og i overkant av 95 på barne- og ungdomsordninga.

Kunstnerisk illustrerte barnebøker

Rådet vedtok hausten 1987 å endre handsamingsreglane for kunstnerisk illustrerte barnebøker for å kunne gje søknadene ei betre vurdering og gje rådet høve til å halde løyvingane innanfor budsjettposten (ein måtte styrke posten kvart år 1984 -1987). Rådet stødde til

saman 34 bokutgjevingar, 19 gjennom-illustrerte og 15 delvis illustrerte (40 i 1987).

Barneblad m.m.

Støtte til barneblad blir gjeve som honorar tilskot for å stimulere til bruk av profesjonelle forfattarar og biletkunstnarar. Fire blad fekk støtte i 1988. Tilskots-summene varierte frå kr 15 000 til kr 210 000. Norsk Barneblad fekk største summen, der mesteparten av løyvinga vart teke frå budsjettposten til barnekultur.

Av avsetjinga til «Andre tiltak barnelitteratur» har rådet gjeve tilskot til to gjennomillustrerte bøker for psykisk utviklingshemma, punktskriftutgåver

av 25 bøker for barn og ungdom, ei barnelitteraturhistorie og ein ungdomsan-tologi med tekstar m.a. av innvandrarungdom.

Produksjonsstøtte

I tingingane med forleggarane om avgrensa utbetaling til innkjøpsordninga for vaksne, vart det semje om at kultur-politisk verdifull (fag)litteratur skulle utgå frå ordninga med produksjonsstøtte i 1988. Søknader utsette frå 1987, vart likevel handsama. I alt fekk sju es-saysamlingar støtte.

Løyvingane vart teke frå posten «Andre litteraturtiltak».

Etter særskild vurdering vart to essay-samlingar med dikterisk preg kjøpte inn

under innkjøpsordninga for skjønnlitteratur.

Rådet gav tilskot til 62 omsette romanar for barn, ungdom og vaksne. For første gang fekk ein sjå resultat av at nynorsk-omsetjingar kan få særskild støtte (100 % av omsetjarhonoraret mot inntil 50 % for bokmålomsetjingar). Det Norske Samlaget vil gje ut seks bøker med støtte frå Kulturrådet i 1988/89.

Ny norsk dramatikk

Ei tilleggsoversføring frå posten «Andre formål» gjorde det mogeleg for 20 dramatikarar å få korttidsengasjement ved eit teater i 1988. I langtidsprogrammet for perioden 1985-88 går det fram at Kulturrådet vil satse på ny norsk dramatikk. Det syner seg no at teatra gjer det same.

Støtteordninga vart oppretta for at institusjons- og regionteatra skulle kunne by dramatikarane eit samarbeid under skrivenfasen. Dei mange frie teatergruppene skulle og ha vore med i ordninga, men midlane har til no ikkje strekt til.

Innan fristen for prosjektkontraktar (dramatikaren sender inn synopsis av eit arbeid) kom det inn fleire søknader enn i 1987.

To av ni vart innvilga.

Det nye samiske teatret i Kautokeino engasjerte som det første ein forfattar på hospitantkontrakt. Formålet er at forfattaren skal få lære om teaterdrift frå innsida.

Det er viktig å få fram gode teaterstykke for barn og ungdom.

Rådet sette difor av midlar til ein manuskonkurranse i 1989 retta mot ungdomsgruppa mellom 10 og 15 år.

Nynorsk litteratur

Rådet gav i 1988 tilskot til 34 bokprosjekt på nynorsk. Av desse var 30 utgjevingar på Det Norske Samlaget. Alle forlag kan søke tilskot til nynorskutgjevingar.

Andre tiltak litteratur

Rådet har også i år støttå kurs, seminar, bokkveldar og særskilte bokutgjevingar med denne posten. To videoprosjekt om og med litteratur har og fått støtte. Overføringer frå posten har vore gjort for å styrke andre litteraturavsetjingar.

Musikk

Avsetjing 1988: 8,7 mill. kr. (1987: 8,1 mill. kr.).

Talet på søknader: 258, av dei 42 utan søknadssum (1987: 236/41).

Samla søknadssum: kr 21 008 039 (1987: kr 17 876 639).

Vel halvparten av avsetjinga vart disponert til forsøksprosjekt, større einskildtiltak og til rådet sine plateutgjevingar. Resten var til fordeling på søkerar.

Musikkmidlane vart nytta slik:

Særskilde tiltak:

Innkjøpsordning for norske fonogram	kr 2 420 000
Sluttføring av katalogiseringa av Bauer-Müller samlinga	» 202 500
Strykkvartett i Ålesund	» 165 000
Barn og unge med særlege føresetnader for musikk	» 75 000
Forlenging av engasjement for komponist ved Nordnorsk Musikkonservatorium	» 150 000
Nordlysfestivalen i Tromsø	» 150 000

Avsetjingar:

Utgjeving av plater og notar, norsk musikk	» 1 130 000
--	-------------

Andre musikktiltak:

Til disposisjon for søkerar	» 4 407 500
Til saman	kr 8 700 000

Avsetjinga til innspeling av LP- og CD-plater har i 1988 resultert i ei ny innspeling i Kulturrådets Klassikarserie og tre innspelingar i den nye serien.

Disposisjonsposten på ca 4,4 mill.kroner vart disponert til følgjande formål:

Tingingsverk	kr 1 023 000
LP-CD og kassettutgjevingar	» 1 628 160
Trykkingstilskot til notar	» 320 230
Konsertar/festivalar	» 355 000
Folkemusikktiltak	» 537 000
Operatiltak, frie grupper	» 160 000
Kurs, seminar	» 100 000
Andre musikktiltak	» 707 800
Til saman	kr 4 831 190

Ved omdisponering av tidlegare, no uaktuell løying, og styrking av avsetjinga vart disposisjonsposten styrkt med omlag 420 000 kroner.

Sjå elles liste over einskildløyvingar bak i årsmeldinga.

Generelt

Midlane avsette til musikkformål er i 1988 i hovudsak brukt etter same mønster som dei seinaste åra. Rådet sitt ar-

beid med musikkasaker kan delast i tre hovudområde: Særskilde tiltak, avsetjingar til rådet sine eigne fonogramutgjevingar og handsaming av søkerar.

Innkjøpsordning for plater

Etter tre innkjøpsomgangar blei ordninga evaluert våren 1988.

Med bakgrunn i evalueringsrapporten og røynslene som er gjort i forsøksperioden er det gjort framlegg om å dree ordninga noko over frå produksjons- til distribusjonsstøtte, men elles videreføre ho. Det er vedteke at innkjøp skal skje to gonger i året. Det er rådd til at ordninga vert overført statsbudsjettet frå 1990.

Den tredje innkjøpsomgangen skjedde i 1988. I alt 146 søkerar vurderte av innkjøpskomiteen. Rådet vedtok å kjøpe inn 47 titlar i 1988. Av desse var 17 titlar kompaktplater. Denne typen vil etter kvart bli prioritert. I 1987 var talet på innkjøp var 55. Av desse var 12 kompaktplater.

Kvar tittel vart kjøpt inn i 550 eksemplar og sende til folkebibliotek, musikkskolar og andre institusjonar som underviser i musikk.

Mange av platepakkene er nytta til utlandsinformasjon.

Norsk Musikkinformasjon administrerer forsøket på vegne av Kulturrådet.

Bauer-Müller- og Valenza-samlingane

I 1988 ble katalogiseringsarbeidet med Bauer-Müller-samlinga avslutta ved Norsk Musikksamling. Samlinga inneholder m.a. 5000 gamle 78-plater og 30 meter med notetrykk. Ho har særleg musikkhistorisk verdi innafor song- og operalitteraturen frå før århundreskiftet og fram til våre dagar. Norsk Musikk-samling vil trykke materialet.

Norsk Lydinstittut i Stavanger fekk innvilga søknad om oppstartig av katalogiseringsarbeid av Valenza-samlinga som no er Stavanger kommune sitt eige. Arne Dørumsgaard skal ha samlinga hos seg så lenge han lever. Samlinga inneholder ymse lydmateriale, publikasjonar, apparat o.a.

Komponist-/arrangørstilling

Mange av dei profesjonelle musikagrupperne i Nord-Noreg har ei utradisjonskennetegna instrumentsamsetjing. Dei har difor stort behov for komposisjonar/arrangement laga spesielt for seg.

For å dekke noko av dette behovet har Kulturrådet i tre år gjeve tilskot til oppretting av ei komponist-/arrangørstilling knytta til Nordnorsk Musikkonservatorium i Tromsø. Stillinga vil og bli nytta til kurs- og seminarverksemd.

Etablering av profesjonell gruppe i folkemusikk og folkedans

Sogn og Fjordane fylkeskommune har oppretta 5 stillingar for utøvarar på hardingfele, vanleg fele, trekkspel, rytmeinstrument og vokal folkemusikk. Målet er å styrke interessa for heile musikklivet og på den måten verne om og vidareutvikle folkemusikktradisjonane. Forsøket vil ventleg bli støtta av Kulturrådet over ein treårs-periode.

Norsk Rockeforbunds bandservice

Kulturrådet avslutta sitt treårige engasjement i prøvedrifta av bandservicekontoret i Norsk Rockeforbund. Forsøket har vore positivt og drifta vil halde fram.

Plateinnspelinger

Sidan 1971 har Norsk kulturråd gitt ut eldre norsk musikk på plate. I Klassikarserien er no 66 plater og kassettar på marknaden, medan serien er planlagd med vel 80 utgjevingar.

I 1988 gav Polygram i samarbeid med Kulturrådet ut 20 kompaktplater med redigerte verk frå Klassikarserien, og komande utgjevingar vil skje parallelt på LP og CD.

I tillegg til platene arbeider ein også med å få trykt notemateriell for ein del av den same musikken. I 1987 starta utgjevinga av NIM-serien med musikk frå tida omkring 1920 og fram til



Ingenting er som å spele sjølv. Dei kommunale musikkskolane er viktige fundament i musikkundervisninga landet over. Her barn frå musikkskolen på Gjøvik. Foto: Heljar Westlie.

1950-talet. Serien kjem på kompaktplate. Først ut var dei fire symfoniane av Fartein Valen. Denne serien vil binde saman Klassikarserien med Norsk Komponistforenings serie med musikk av nolevande komponistar slik at resultatet vert ein antologi over norsk musikk.

Andre musikktiltak

Om lag halvparten av musikkavsetjinga vert fordelt på grunnlag av søknader. Talet på søknader og samla søknadssum auka vesentleg i 1988 samanlikna med 1987. Mange gode søknader er difor ikkje prioritert.

Disposisjonsposten har dekt løyingar til tingingsverk for norske komponistar, med særleg vekt på dei yngre og uetablerte.

Vidare har rådet gjeve tilskot til innspelinger av fonogram for Norsk Komponistforening og Norsk Jazzforbund, trykking av notar med nye norske verk, produksjon av operaframstillingar med frie grupper og folkemusikktiltak.

Biletkunst og kunsthandverk

Avsetjing 1988: 10,5 mill kr (1987: 9,7 mill kr)
Talet på søknader: 398, av dei 53 utan søknadssum (1987: 368/64)
Samla søknadssum: kr 25 856 096 (1987: kr 22 024 097)

Midlane til biletkunst og kunsthandverk er i 1988 nytta slik:

Særskilde tiltak:

Kunstnernes informasjonskontor, til prøvedrift, 3. året, lovnad 1986	kr	450 000
---	----	---------

Avsetjingar:

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg	kr	3 850 000
Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthandverk	"	815 000
Tilskot til debuterande biletkunstnarar	"	400 000
Tilskot til debuterande kunsthandverkarar	"	120 000
Utsyrsstøtte til biletkunstnarar	"	305 000
Utsyrsstøtte til kunsthandverkarar	"	460 000
Materialefondet for biletkunstnarar	"	55 000

Andre tiltak:

Til rådvelde for søknader	"	4 045 000
Til saman	kr	10 500 000

Rådveldeposten på om lag 4 mill kroner vart nytta til følgjande formål i 1988:

Udstillinger	kr	1 444 500
Utsyrt til kunstformidling	"	457 500
Kjøp av kunst til samlingar	"	195 000
Publikasjonar	"	25 000
Andre tiltak	"	1 849 800
Til saman	kr	3 971 800

Ein mindre sum på rådveldeposten vart i løpet av året overført andre postar på avsetjinga til biletkunst og kunsthandverk.

Sjå elles liste over løvningar bak i meldinga.

Generelt

Midlane til biletkunst og kunsthandverk er stort sett nytta etter same mønster som i 1987. Rådet legg framleis vekt på å stø andre tiltak, då særleg utstillingar og prosjekt som arbeider med formidling av biletkunst og kunsthandverk. M.a. har rådet støttå etableringa av fylkesgalleria i Nord-Trøndelag og Sogn og Fjordane, og (som lovnad for åra 1989-91) oppretting av monumentalverkstader i Sandnes. Fylkesgalleria

er dei første offentlege kunstsamlingane i dei to fylka som skal syne biletkunst, kunsthandverk og fotografi, og dessutan gjennomføre særskilde formidlingsprosjekt. Prøveordninga med monumentalverkstader har m.a. som målsetting å skape eit felles fagforum for biletkunst og kunsthandverk, ei avdeling for utføring av større utsmykkingsoppgåver og fremje tiltak som kan opne for nytenking og forsking innafor området kunstnarleg utsmykking.

Som i 1987 har rådet gjeve uttrykk for at fleire av støtteordningane bør takast over av andre. Det gjeld t.d. tilskot til utsmykking av offentlege bygg og anlegg, som rådet meiner bør høyre under Utsmykkingsfondet for nye statsbygg. Administrasjonen av ordningane med debutantstøtte, utstyrsstøtte og låneordninga frå materialefondet kan og takast over av andre.

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg

Denne avsetjinga har gått til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og til statsbygg som er eldre enn 1977.

Tilskotsprosenten har variert mellom 30 og 50 for ikkje-statlege bygg, medan Kulturfondet har dekt utsmykkingskostnadene fullt ut for eldre statsbygg.

Rådet har og peika på at ansvaret for alle statlege tilskot til utsmykking av offentlege bygg bør samlast i eitt organ, Utsmykkingsfondet for nye statsbygg.

Kjøp av norsk samtidskunst

Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst har til oppgåve å sikre det offentlege ei viss mengd kunstverk innafor måleri, skulptur, biletvev/tekstil, grafikk, teikning, kunsthandverk og fotografi.

Frå komiteen vart oppretta i 1965 og fram til utgangen av 1988 var det kjøpt inn nær 2900 verk for midlar frå Kulturfondet.

Innkjøpskomiteen har ni medlemmer, kvar oppnemnd for to år. Komiteen har og kontakt med 26 representantar for distrikta som rådet nemner opp.

Fordeling av samtidskunst til distrikta

I 1988 vedtok rådet ein ny fordelingsplan for kunstverk som skal fordelast til faste samlingar av biletkunst og kunst-



68 kunstnarar fekk debutantsøtte i 1988.
Teikning: Ulf Aas.

handverk med ein viss mindestorleik og som har framsynings- og lagertilhøve av ein viss standard. I 1988 vart omlag 900 verk fordelt på 14 samlingar.

Debutantstøtte

Ordninga med tilskot til biletkunstnarar og kunsthåndverkarar som skal ha si første offentlege separatutstilling, har i 1988 kome 68 kunstnarar til gode. Støtta går til material- og transportutgifter.

Tilskot til utstyr

Gjennom fleire år har rådet gjeve tilskot til biletkunstnarar og kunsthåndverkarar som treng utstyr til verkstad eller gruppeverkstad. For biletkunstnarane er det ei auke i søknadsmengda i 1988, medan det er noko færre søknader frå kunsthåndverkarane.

Kulturvern

Avsetjing i 1988: 8.4 mill.kr (1987: 7.8 mill.kr)
Tal på søknader: 242, av desse 29 utan søknadssum (1987: 223/27) Samla søknadssum: 37.6 mill.kr (1987: 35.7 mill.kr)

Midlane vart nytta slik:

Avsetjingar:

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea.....	kr 1 450 000
Verneverdige miljø og anlegg (inkludert tekniske og industrielle minne)	» 3 950 000
Verneverdige hus til kulturelle og/eller sosiale aktivitetar	» 775 000
Andre kulturverntiltak.....	» 2 225 000
Til saman	kr 8 400 000

I tillegg vart avsetjinga til kulturvern auka med 390 000 kr ved omdisponering av eldre, uaktuelle løyingar og med 387 680 kr ved overføring frå posten «Andre formål».

Underposten «Andre kulturverntiltak» vart nytta slik:

Lokalhistoriske samlingar (arkiv)	kr 200 000
Registrerings- og innsamlingsarbeid	» 262 000
Arbeid med verneplanar	» 390 000
Utgjevingar, utstillingar, informasjons og opplysningsstoff	» 449 380
Ulike prøveprosjekt/forprosjekt.....	» 734 000
Ymse	» 529 500
Til saman	kr 2 564 880*

* Inkludert nokre løyingar frå posten «Andre formål». Sjå elles liste over løyingane bak i meldinga.

centralisert kulturvern. Difor har også andre slike planar fått støtte. Spesielt må nemnast Nome kommune som har utarbeida ein meir handlingsretta plan enn vanleg er.

Elles har Kulturrådet også i 1988 prioritert arbeidet med oppretting av lokalhistoriske samlingar (privatarkiv).

Innsamling av kulturhistorisk materiale, inkludert bedriftshistorie og -arkiv, er også viktig i ein slik samanheng. Kulturrådets pilot- og prøveprosjekt har vore prega av denne prioriteringa.

Pilot- og prøveprosjekt i 1988

- «Odda Industrimuseum og Arkiv»: Industrimiljøprosjekt, prøveprosjekt for bedriftsarkiv i samarbeid med museum, bibliotek og bedrifter.
- Møreforskning: Prøveprosjekt med samarbeid innan organisering og innsamling av stadnamn.
- Bergen Lokalhistoriske arkiv: Prøveprosjekt vedkomande byarkiv/ privatarkiv.
- «Wilseprosjektet»: Pilotprosjekt for restaurering, vern, bruk og formidling av kulturhistorisk fotomateriale. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturråd, Norsk Folkemuseum, Sekretariatet for fotoregistrering og NAVFs EDB-senter.
- Statens byggeskikkutval: Samarbeidsprosjekt om tilpassing av nye bygningar i gamalt gardsmiljø.
- Karmøy kommune: 3-årig prosjekt for verne- og rehabiliteringsarbeid i Skudesneshavn, eit samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar.
- «Sjøgata i Mosjøen»: Slutføring av fleirårig pilotprosjekt v/ Styringsgruppa for Sjøgataprojektet.
- «Risørprosjektet»: Verne-, rehabiliterings- og bypeleietiltak, ved prosjektgruppa «Risørutvalget».
- «Finnskogprosjektet» v/ Gruetunet Museum:

Generelt

Kulturrådet er einaste organ i landet som står prosjekt over heile kulturvernspakteret. Søknadstalet har dei siste 7 åra lege mellom 223 og 284 (1988: 242).

Samla søknadssum har auka med åra (1988: 37.6 mill. kroner).

I tillegg kjem ei rekke søknader utan søknadssum.

I dei seinare åra har interessa for å ta vare på tekniske og industrielle kulturminne avspeglia seg i søknadene.


Utgjeininga om tekniske og industrielle kulturminne (lagt fram hausten 1988)

har både ført til markert tiltaksauke og til satsing frå Kulturrådet på dette tidlegare forsømte området.

Fleire av tiltaka må karakteriserast som «berginstiltak».

Utalet for teknisk og industrielt kulturvern sette og i gang arbeidet med konkrete verneplanar for dei mest utsette bransjane. Det er no eit godt grunnlag for vidare arbeid innan eit område som i høg grad har sakna både registreringar og oversyn.

Kulturrådet ser på lokale verneplanar som fundamentet for eit effektivt de-



Siøydklasse i arbeid på Hartmanns pensjonskole i Asker i 1905. Foto: Wilse. Norsk Folkemuseum (W. 1062 «B»).

Vern om Finnskogkulturen, materielt og immaterielt kulturvern.
Alle prosjekta strekkjer seg over flere år.

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea

Denne avsetjinga vert brukt til eksstraordinære tiltak som ikkje musea sjølv kan finansiere.

På grunn av manglande lokale midlar innan museumsverksemda er denne støtten heilt uunnværlig om musea skal kunne utføre sine mange oppgåver i lokalsamfunnet.

Kulturrådet vende seg i 1987 til Kulturdepartementet i von om at slik støtte ville bli vurdert i samanheng med den statlege driftstøtta til musea. Rådet tilrådde ei tilskotsordning som den teatra har, der ein viss prosent av driftsmidlane går til nødvendige investeringar.

Kulturrådet ser muse- og kulturvernarbeid som to sider av same sak. Dette heng saman med utviklinga i museumsverksemda mot «økomuseumsmodellen», der målsettinga er vern av hus og anlegg i sitt naturlege miljø.

Kulturrådet ønskjer av den grunn at kulturvern- og museumssaker skal prioritert samla. Det er som regel vanskeleg å skilje mellom slike tiltak, som formelt ligg til kvart sitt departement.

Vern av miljø og anlegg

Kulturrådet har også i 1988 løyvd midlar til verneverdigde anlegg og miljø. Tiltak som ser kulturvernet i samanheng er

prioritert. Det er lagt vekt på både bygningsvern og kulturelle og sosiale tradisjonar i vurderinga.

Det siste tiåret har kystkulturen vore eit prioritert område for Kulturrådet. Handelstaden Jennestad i Sortland kan stå som døme på typen prosjekt som rådet har støttet.

Dessutan kan nemnast Skipsdokken Bratteklev, eit verdifullt sjøhistorisk kulturminne ved Kristiansand. Dokken vart tildelt 750.000 kroner over 3 år og skal saman med reparasjonsverkstaden som høyrer til, brukast av veteranskip.

Tekniske og industrielle kulturminne

Her må verneverdiene i første rekke sjåast på bakgrunn av den industrihistoriske utviklinga innan produksjonsmetodar og den kulturelle og sosiale utviklinga.

Nye og interessante samarbeidsgrupper er etablert innafor denne delen av kulturvernombordet. Gruppene er vesentleg basert på frivillig innsats frå folk knytta til bedriftane, fagforeiningar og næringsslivet. Også musea ser dette som eit naturleg arbeidsområde og er involvert i mange prosjekt.

Kulturrådet har vedteke å prioritere dette vernearbeidet, som søker å ta vare på ein viktig del av kulturarven frå samtid og nær fortid.

Verneverdige hus nyttar til kulturelle og sosiale aktivitetar
«Vern gjennom bruk» er stikkord for dette engasementet.

Kulturrådet ser vern av einskildhus i første rekke som ei sak for Riksantikvaren. Likevel har rådet ei avsetjing til lokalt verneverdige hus som lag og institusjonar vil verne og ta i bruk. Kulturrådet ser lokalt samarbeid og inter-

esse for vernearbeid som eit verdfullt heile, og har gitt støtte til fleire prosjekt av denne typen.

Søknadsmengda syner at denne avsetjinga både er populær og funksjonell.

I brev til STUI har Kulturrådet bedt om at STUI tek omsyn til verneaspektet når dei skal dele ut midlar til kulturbygg. Verneaspektet må og kome fram i STUI sine retningslinjer for fylka sine prioriteringar.

Andre kulturverntiltak

Midlane som er avsett her kan Kulturrådet bruke til å løyse forsømte oppgåver og prøve ut nye idear.

Lokalhistoriske tiltak, frå registrerings- og innsamlingsarbeid til større prosjekt som etablering av lokalhistoriske samlingar (privatarkiv) får støtte herifrå.

Eingongstiltak som oppretting av dei norske skolehistoriske samlingane i Drammen fekk i samband med 250-årsjubileet for den norske allmøgeskolen 300 000 kroner i 1988. Dette museet skal samle inn, registrere, presentere og gjere ikkje-trykt materiale tilgjengeleg.

Det er viktig å spreie opplysning og informasjon om kulturvern.

I fleire år har rådet i samarbeid med Fortidsminneforeningen gjeve ut opplysningshefte i serien «Gode råd». I 1988 har rådet finansiert utgåver av «Fortidsvern» med tema teknisk og industrielt kulturvern. Interessa for desse har vore stor, og hefta er m.a. spreidd til kommunar, fylke, fagforeiningar og industriforeininger.

Rådet ønskjer også å auke interessa for kulturvern generelt.
Ikkje minst ser ein det som viktig å nå

fram gjennom massemedia, m.a. for å hjelpe skulen i formidlinga av lokalhistorisk kunnskap.

Både større lokalhistoriske utgjevingar av nasjonal interesse, og lokalhistoriske rapportar om særleg interessante bygningar og historiske hendingar, har fått støtte.

Søknadene til denne avsetjinga er mange og speglar på ein illustrerande måte av den store breidda innan kulturvernet.

Samisk kultur

Avsetjing 1988: 2,8 mill. kr (1987: 2,4 mill. kr)

Talet på søknader: 97, av dei 12 utan søknadssum (1987: 117/8)

Samla søknadssum: kr 5 440 230 (1987: kr 5 414 346)

Midlane til samisk kultur blei fordeltet slik:

Samisk litteratur.....	kr	820 000
Samisk biletkunst og duodji	"	600 000
Samisk musikk.....	"	600 000
Andre tiltak samisk kultur.....	"	780 000
Til saman	kr	2 800 000

Rådet styrka den samiske avsetjinga med kr 293 900 frå avsetjinga «Andre formål», i hovudsak for å dekkje løvinga til den nordiske innkjøpsordninga for samisk skjønnlitteratur.

Frå same avsetjinga vart det i tillegg løvd kr 185 000 til utgjeving av «Donald Duck» på nordsamisk.

Posten «Andre tiltak samisk kultur» vart nytta slik:

Kulturvernprosjekt	kr	357 819
Særskilde bokutgjevingar	"	75 000
Kulturrangement.....	"	36 000
Registreringsprosjekt.....	"	80 000
Andre tiltak	"	609 300
Til saman	kr	1 158 119



Generelt

Talet på søknader gjekk nok ned i 1988 samanlikna med åra før, medan samla søknadssum var stabil.

Det er framleis stor rift om midlane til litteraturformål og til biletkunst/duodji. Seks bokutgjevingar er førebels utsette av budsjettgrunnar, og tre søkjrar har fått lovnad om i alt 120 000 kroner til biletkunstformål i 1989.

Rådets viktigaste bidrag til arbeidet med samisk kultur i 1988 var kanskje fråsegna om NOU 1987:34 «Samisk kultur og utdanning. De enkelte sektorer. Administrasjon». Her gjorde Kulturrådet framlegg om eit Samisk kulturråd med eit eige fond.

For nærmare omtale sjå kapitlet «Fråsegene frå Rådet».

Samisk litteratur

Også i 1988 løvd rådet midlar til «Vulle Vuojas» (Donald Duck) då rådet vurderte dette som eit tiltak godt eigna til å utvikle leselyst og -øving hos samiske barn. Sju barnebøker kom ut i 1988, ein gledeleg auke frå 1987.

Likevel har det vore eit vanskeleg år for samiske forlag og forfattarar. Lite salspotensiale og få utgjevingar gir lite likvide midlar til drifta. Eitt forlag gjekk inn, men nye krefter har starta opp att. Rådet meiner både lesarar og forfattarar er best tente med at det finst fleire samiske forlag, og har gjort framlegg om statleg driftsstøtte til desse.

For midlane som ikkje vart nytta i dramakonkurransen i 1987, vart det arrangert eit særslig vellukka dramaseminar i

Forfattarar: Tenk samisk teater! seier f.v. Ammun Johnskareng, Svein Birger Olsen, Ann Jorid Henriksen og Ingør Ante Ailo Gaup ved Sami Teather i Kautokeino. Foto: Jan Gunnar Furuly.

Kautokeino våren 1988. No når vi har eit fast samisk teater, er det viktig at rådet tek del i arbeidet med å utvikle samisk dramatikk. Difor løyvde rådet og midlar over avsetjinga til ny norsk dramatikk slik at ein samisk forfattar fekk hospitere ved Sami Teahter i to månader. Sørsamisk teater, som held til i Hattfjelldal, fekk ei løyving på kr 90 000 til manusarbeid, musikk og scenografi til eit teaterstykke i 1988.

Rådet gav i 1988 melding til Nordisk Sameråd om at det var siste gong rådet løyvde midlar til den nordiske innkjøpsordninga for samisk skjønnlitteratur. I tre år har ordninga blitt finansiert trenasjonal. I 1989 har rådet håp om at ho kjem med på ei fast støtteordning gjennom Nordisk Ministerråd.

Samisk musikk

Oversynet over løyvingar til samisk musikk viser at det i 1988 vart gjeve færre tilskot til turnear og konsertar enn tidlegare.

Dette skuldast nok i hovudsak at Rikskonsertene både i Noreg og Sverige i langt større grad enn før engasjerer seg i samisk musikk.

Grunnen til denne utviklinga kan mellom anna ligge i arbeidet som Ekspertgruppa i samisk musikk (ESM) har gjort dei to åra ho har eksistert. Gruppa har teke på seg ei rad oppgåver for å styrke stillinga til samisk musikk i skoleverket, hos styremaktene og publikum.

Det har skjedd ei gledeleg utvikling på produksjonssida for samiske plater og kassettar. Heile seks prosjekt fekk løyvingar frå Kulturrådet i 1988, ei utvikling rådet vonar vil halde fram. Vanskane for samisk musikk ligg på distribusjonssida,- musikken når ikkje fram til dei som kan vere interessert. Til dømes er plata til songartisten Mari Boine Persen knapt å få i Oslo. Ikke noko

plateselskap har til no teke på seg marknadsføringa av musikken hennar, ho og mannen gjer det sjølv. Saman med det samiske musikkmiljøet har rådet her ei stor oppgåve.

Samisk biletkunst og duodji

Som følgje av at det vart utgjeve mange samiske barnebøker i 1988, steig også talet på søknader om støtte til bokillustrasjonar vesentleg. Ti slike søknader fekk løyvingar.

Elles gikk midlane mest til utsmykingsprosjekt og utstillingar. Særleg moro var det at alle utstillingane med samiske bilet-/ duodji-kunstnarar vart haldne utofor dei samiske kjerneområda; på Lillehammer, Røros, i Målselv og Oslo.

Kunnskapen om og kjennskapen til samisk biletkunst og kunsthandverk er i ferd med å spreie seg.

Dei samiske kunstnarane har, mellom anna med midlar frå rådet, arbeidd vidare i 1988 med planane om kunsthøgskole. I og med opprettinga av ein samisk høgskole i Kautokeino frå hausten 1988 er det blitt nødvendig med ei form for samordning av dei to skolane. Dette vil biletkunstnarane arbeide vidare med i 1989. Oppstartaing av kunstnarverkstadene i Masi har og vore eit viktig prosjekt som har fått midlar frå rådet.

Andre samiske kulturtiltak

Tiltak som ikkje høyrer heime hos eitt av dei tre fagutvala, blir handsama av Det faglege utvalet for samisk kultur i plenum.

I 1988 kom det mange søknader om støtte til ulike kulturvernprosjekt, så som til innsamling, registrering, museumsutstillingar, sørsamisk språkseminar og dokumentasjon av gamle arbeidsteknikkar. Større søknader vert som regel viste til rådets faglege utval

for kulturvern, medan søknadssummara opp til kr 80 000 vart handsama av rådets samiske fagutval.

Grensedraginga kan av og til vere vanskeleg, men alle dei store søknadene blir lagde fram for det samiske utvalet til fråsegn, sjølv om det ikkje er råd å tilrå løyvingar over den samiske budsjettosten (kr 780 000 i 1988).

Av andre viktige tiltak i 1988 må nemnast presentasjon av den markesamiske kulturen i Skånland-området. Elevar frå fire skolar i distriktet som har vald opplæring i samisk språk, bad om eit møte med leiaren i rådet og med Kyrkje- og undervisningsdepartementet. I ord og tonar gav dei uttrykk for markesamanes historie og levermåte, og etter møtet fekk rådet tilsendt ein stor rapport om førebuingane til arbeidet og om vitjinga i hovudstaden.

Barne- og ungdomskultur

Avsetjing 1988: 5,4 mill. Talet på søknader: 85
Samla søknadssum: kr 8 270 455

Midlane vart fordele slik:

Litteraturtiltak	kr 500 100
Teatertiltaik	" 475 000
Media	" 1 557 000
Biletkunst/kunstskolar	" 417 000
Musikktiltak	" 222 000
Kulturvern/kulturformidling	" 520 000
Andre tiltak	" 1 569 600
Totalt	kr 5 260 700

Midlane vart fordele dels på tiltak etter søknader, dels på tiltak eller prosjekt igangsett etter initiativ frå Kulturrådet.

Generelt

Eit prinsipielt utgangspunkt for arbeidet med barn og unge er at dei skal handsamast som ein integrert del av samfunnet og at deira interesser og behov så langt råd er skal ivaretakast innafor ordningar som vedkjem folket som heilskap.

Som følgje av at barn og ungdom er ei gruppe med i utgangspunktet liten makt til å påvirke sin eigen situasjon, er det naudsynt med positiv særhandsaming. På kulturområdet vil dette seie at det vert satsa på særlege kulturtiltak for barn og unge. Samstundes må kulturaktivitetar for vaksne leggjast til rette for at barn kan delta der *det* høver.

Trangen for midlar er stor innafor barne- og ungdomskulturområdet. Situasjonen er no sterkt prega av nedskjeringar på kommunale og fylkeskommunale budsjett, noko som har fått konsekvensar både for gjennomføring av prosjekt med kommunal/fylkeskommunal medverknad, og for at potensielle søkerar i det heile vender seg til rådet.

Det kan no synest som om dei lokale pengekjeldene er så tørre at det går ut over både aktivitetsnivå og evne til å tenkje nytt.

Ei slik utvikling er betenkeleg. Om ein har som mål at det einskilde mennesket skal utvikle seg til å bli ein samfunnsaktiv person, vil det å fjerne eller redusere dei altfor små løvyingane til barn og ungdom, framtidas vaksne, vere som å spise såkornet.

Tvert om, sjølv i nedgangstider burde barn og unge vere ei prioritert gruppe.

Prosjektarbeid står sentralt

Arbeidet med å setje i gang større prosjekt tek mykje tid. Som døme kan nemnast «Levende bilder, barn og un-

ge», «Journalistikk for barn», «Prøv selv», «Kunstskoler for barn og unge» og «Kartlegging av barns egen kultur». Prosjekta er i hovudsak sett i gang i område som anten i særleg grad treng til aktivitet eller der etterspurnaden har vore stor.

Å innarbeide eit nytt område krev omfattande arbeid. For å få søknader som tilfredsstiller krava om nytenkjing og overføringsverdi, har ein måtte drive eit relativt omfattande rettleatings- og stimuleringsarbeid.

Det er viktig å bringe røynslene frå gjennomførte prosjekt vidare. Det har difor vore brukt tid på å finne fram til gode rutiner og måter å få til dette på. Eit resultat er at det etter prosjektslutt no vert laga kortrapportar i regi av rådet.

Vi vil i det følgjande kort presentere to viktige prosjekt/tiltak som er under arbeid.

Våre nye landsmenn har som vi kulturtradisjonar dei vil føre vidare til yngre generasjonar. Det skjer mellom anna i den vietnamesiske kulturklubben på Lillehammer. Foto: Morten Aasen.



Tidsskrift

Kartlegging av barns eigen kultur

Dette prosjektet går ut på å finne fram aktuell dokumentasjon som kan gje innhald til omgrepene «barns eigen kultur». Prosjektet vert utført av Senteret for barneforskning og skal avsluttast sommaren 1989. Ein publikasjon skal då distribuerast til politikarar og tilsette i kommunar og fylke, til institusjonar for barn og unge, utdanningsinstitusjonar m.v.

Som ei vidareføring av prosjektet vil det bli gjort framlegg om å opprette eit nasjonalt dokumentasjonssenter for barnekulturelle yttringsformer og at det vert lagt opp eit system for landsomfemnande kartlegging av barns eigen kultur.

Samarbeid mellom Grunnskolerådet og Norsk kulturråd

Kulturrådet og Grunnskolerådet har inleia eit samarbeid om heilskapsskole i skole- og kulturpolitisk perspektiv. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med dette.

Etter gruppa si meining bør følgjande arbeidsområde prioriterast: 1. Eit samarbeid mellom dei to råda om dei estetiske faga sin plass i skolen.

2. Å støtte prosjekt på området «utvida skoledag». Her meiner gruppa følgjande område må prioriterast:

- kunstskoler
- drama, særleg knyttta til dans og balllett
- litteratur, ved bruk av forfattarar og fokusering på barne- og ungdomslitteratur
- film/video, både med omsyn til oppøving av biletakunskap og i estetisk/kunstnerisk samanheng

Barnekulturutvalet i Norsk kulturråd legg vidare sterk vekt på det viktige i å take vare på barns *eigen* kultur som m.a. kjem til syn og vert ytra i leik.

Avsetjing 1988: 2 mill. kr (1987: 1,5 mill. kr). Talet på søknader: 72, av dei 23 utan søknadssum (1987: 58/25). Samla søknadssum: kr 3 692 351 (1987: kr 1 872 600).

Støtte til kulturtidsskrift vart som tidlegare gjeve i fem ulike former: Produksjons-, innkjøps-, honorar- og oppstartingsstøtte og støtte til temanummer. I 1988 vart 1,5 mill. fordelt på 42 tidsskrift. Kvart tidsskrift fekk i gjennomsnitt 36 400 kr (36 500 kr i 1987).

Midlane fordelte seg slik:

Produksjonsstøtte	kr 512 000
Innkjøpsstøtte	» 634 800
Honorarstøtte	» 214 200
Oppstartingsstøtte	» 56 000
Tilskot til temanummer	» 110 000
Til saman	kr 1 527 500


Tidsskriftutgreilinga

Rådet nytta i 1987 ein tidsavgrensa stellingsheimel til å greie ut om situasjonen for kulturtidsskrift i Noreg og gjere framlegg om nye tiltak.

Rådet sende i 1988 utgreiinga ut til høyring, handsama utgreiinga og høyingsfråsegnene og vedtok mellom anna:

- nye retningslinjer og nytt søknadseskema
- å løyve midlar til ei tre-årig prøverksemeld i regi av Norsk Tidsskriftforum
- å halde støtta til utgjeving av tidsskrift på same nivå som no
- å be departementet fjerne meirverdiavgifta på tidsskrift

Rådet løyvde kr 500.000 til prøverksemda i Norsk Tidsskriftforum i 1988.



Hanna Elgvin er tilsett som leiar for prosjeket som skal betre stillinga for kulturtidsskrifta. Foto: Hermann Berthelsen.

Kulturygg

Avsetjing 1988: 11 mill. (1987: 13.4 mill.) Talet på søknader: 50, av dei 4 utan søknadssum (1987: 37/4).

Samla søknadssum: kr 63 400 000 (1987: kr 40 700 000).

Midlane til kulturygg vart fordele slik:

Woxengs Samlinger, eldfast museumsbygg	kr 1 000 000
Sunnhordland Folkemuseum, tilbygg	" 500 000
De Heibergske Samlinger, båtmuseum.....	" 750 000
Nordenfjeldske Kunstmuseum, tilbygg	" 1 000 000
Toten Museum, rehabilitering eldre bygg	" 400 000
Tydal Bygdemuseum, eldfast museumsbygg	" 1 500 000
Nord-Trøndelag Fylke, kunstutstillingslokale	" 1 000 000
Til disposisjon for andre kulturyggoppgåver	" 4 850 000
 Til saman	 kr 11 000 000

Dispositionsavsetjinga vart nytta slik:

Drammens Museum, eldfast museumsbygg	kr 1 500 000
Kvæfjord Museum, ombyggingsarbeid.....	" 680 000
Skimuseet, magasinbygg	" 235 000
Nord-Troms Museum, tilbygg	" 230 000
Flekkefjord Museum, Innreiling av sjøbuer.....	" 250 000
Gratangen Båtsamling, innreiling av båthus	" 500 000
Hvaler Bygdesamling, ombyggingsarbeid.....	" 200 000
Jærmuseet, gjenreising av eldre bygg.....	" 300 000
Ringve Museum, installasjonsarbeid.....	" 50 000
Molde Kunstforening, kunstutstillingslokale	" 300 000
Rogaland Kunstnersenter, monumentalverkstad.....	" 330 000
Trøndelag Kunstnersenter, utstillingslokale	" 275 000
 Til saman	 kr 4 850 000

Kulturrådet har gjeve følgjande tilseigner om støtte:

Drammens Museum, eldfast museumsbygg	kr 1 500 000
Hallingdal Folkemuseum, eldfast museumsbygg.....	" 1 000 000
Bergen kommune, rehabilitering «Permanenten»	" 5 000 000
 Til saman	 kr 7 500 000

Generelt

Kulturrådet mottok i 1988 søknader på over 63 mill. kr til kulturygg. Søknadssummen utgjer om lag 1/3 av samla byggekostnader. Med ei avsetjing på 11 mill. kr gjev ikkje dette rom for tilskot frå Kulturfondet i det omfang som det er trøng for. Utan hell har rådet i ei årrekke bede om vesentleg større løyvin-

gar til kulturyggformål. Rådet har difor måtte avslå stadig fleire søknader, og berre eit fåtall mellomstore og mindre byggjeoppgåver har fått tilskot dei siste åra.

Når det gjeld allmenne kulturhus har rådet heller ikkje i 1988 kunne gje tilskot til oppføring. Situasjonen for kulturygg er såleis like vanskeleg som før.



Stusslege tider for kulturhusbyggjarar.
Teikning: Synneva Heradstveit.

Andre formål

Avsetjing 1988: 9,6 mill. (1987: 12,3 mill. inkludert barne- og ungdomskultur). Talet på søknader: 263, av dei 37 utan søknadssum (1987: 239/44).
Samla søknadssum: kr 29 086 677 (1987: kr 28 045 430).

Midlane vart fordelt slik:

Teaterformål	kr 2 558 100
Ballett/dans	» 583 000
Andre tiltak	» 4 745 615
Diverse overføringer	» 1 722 385
Til saman	kr 9 609 100

Ved omdisponering av ei uaktuell løying vart posten «Andre tiltak» styrkt med kr 9100.

Generelt

Denne avsetjinga er disposisjonsposten til rådet. Det er i hovudsak denne som gjer det mogeleg å ta nye initiativ og prøve ut nye tiltak og idear.

Mange av søknadene til Kulturfondet fell utafor dei etablerte kategoriene og tilskotsordningane. Mange av desse søknadene kan likevel bli til spanande og viktige forslag som bør satsast på. Rådet har såleis kvart år prøvd å få «Andre formål» posten så stor som råd. Rådet må vite at det har fridom til å satse, også når det er uvisst om satsinga vil synge seg vellukka.

Teaterformål

1988 var siste året Kulturrådet støtta *Det Åpne Teater*, forsøket der dramatikkar, sceneinstruktørar og skodespelarar arbeider saman i ein «verkstad» for å få fram meir og betre ny norsk dramatikk. Teatret skal samstundes vere eit tilbod til forfattarar som vil prøve ut, og få framført sine verk. Prosjektet kom i gang hausten 1985 og vil frå 1989 få midlar over statsbudsjettet.

Eit anna forsøk kom med Kulturfondet sin hjelp i gang i 1986.

I regi av fylkeskommunen engasjerte *Aust-Agder Teatret* fire frie sceniske

grupper for ein tre-års periode. Dei ga kvar ei teater- eller ballettframsyning i

året i dei 17 (av 19) kommunane som var med.

Pr. i dag er det uvisst om prosjektet vil halde fram i same form.

I tillegg har rådet gjeve produksjons tilskot til mange frie sceniske grupper. Rådet har prioritert grupper som ikkje fekk tilskot frå kulturdepartementets avsetjing til slike grupper.

Kulturnytt, prisar m.m.

Posten «Andre formål» dekkjer i ein overgangsperiode Kulturfondets tilskot til drifta av tidsskriftet *Kulturnytt*.

Æresprisen får og dekning her. Det same gjeld kostnadene ved husleigegarantien for Militærhospitalet.



Er det no fleire som bør få støtte, tru? Teikning: Ulf Aas.

Utval, utgreiingar og publikasjonar

Til finansiering av utvalsarbeid (utanom honorar til medlemmene og frittståande konsulentar) var det i 1988 avsett 1,3 mill. kr (1987: 1,2 mill. kr.).

Midlane vart nytta slik:

	Avsetjing:	Rekneskap:
Faste utval	kr 550 000	kr 880 199
Andre utval og utgreiingar	» 550 000	» 325 980
Trykking av publikasjonar	» 200 000	» 223 633
Til saman	<u>kr 1 300 000</u>	<u>kr 1 429 812</u>

Overskrida på kr 129 812 vert dekt av innsparte midlar frå avsetjinga til administrasjon.

Generelt

Avsetjinga til utval, utgreiingar og publikasjonar dekkjer i første rekke reise- og opphaltsutgifter m.v. for rådets faglege og mellombels utval. Ein har og utgifter til utgreiingsarbeid, sekretæroppgåver for utval og kontorutgifter til to samiske konsulentar. Honorar til utvalsmedlemmer og alle konsulentar vert dekka over posten «løn og godtgjersle».

Utgifter til trykking av publikasjonar i 1988 har m.a. gått til årsmeldinga for 1987.

Administrasjon

Av fondsmidlane vart 3,6 mill kr avsette til administrasjon i 1988 (1987: 3,6 mill kr.). Lønnsutgiftene er ført opp på ein særskilt post på statsbudsjettet, kapitel 376, post 01.

	Avsetjing:	Rekneskap:
Inventar og utstyr	kr 600 000	kr 319 827*
Kontorutgifter	» 550 000	» 581 332
Reiser	» 380 000	» 331 200
Representasjon	» 20 000	» 5 657
Hus, lys og brensel	» 1 680 000	» 1 672 709
Reinhalld	» 200 000	» 163 884
Møteutgifter	» 140 000	» 126 839
Ymse	» 30 000	» 17 327
Til saman	<u>kr 3 600 000</u>	<u>kr 3 218 775</u>

Posten løn og godtgjersle

Organiserte stillingsheimlar	kr 2 504 000	kr 2 519 313
Ekstrahjelp	» 344 000	» 425 386
Styre, råd og utval	» 1 500 000	» 1 807 326
Trygder	» 721 000	» 50 030
Til saman	<u>kr 5 069 000</u>	<u>kr 4 802 055</u>

* Rekningar for ein del utstyr til datasystemet og kjøp av inventar til møterommets, til saman kr 144 000, vart utbetalt i 1989, og er ikkje med i rekneskapen.

Råd og arbeidsutval

Norsk kulturråds medlemmer og varamedlemmer

Oppnemnd ved kongeleg resolusjon for perioden 1985 – 1988. I lista er personlege varamedlemmer oppført i parentes.

Oddvar S. Kvam, Oslo, leiar (Petter Pettersson, jr., Molde)

Eilert Eilertsen, Bergen, nestleiar (Ivar Grimsmo, Oslo)

Finn Christensen, Oslo, (Johan H. Stenersen, Oslo)

Håkon Fimland, Førde (Anne Borg, Oslo)

Jan Henry Keskitalo, Kautokeino (Inger Marie Hætta Eikelmann, Kautokeino)

Åse-Marie Nesse, Oslo (Birgit Gjernes, Oslo)

Birgitta Rønnestad, Molde (Finn Kvalem, Oslo)

Alf Skåum, Porsgrunn, (Elsa Jonassen, Vadsø)

Olina Storsand, Trondheim, (Gudmund Hytten, Grimstad)

Oppnemnde av Stortinget:

Henrik Bargem, Arendal, (Bjørn Aarseth, Bærum)

Knut Berg, Oslo, (Gerd Råheim, Ålesund)

Reidun Berg, Oslo, (Karin Husøy, Andalsnes)

Guttorm Hansen, Namsos, (Arnfinn Engen, Lillehammer)

Møte i råd og arbeidsutval

Rådet hadde 6 møte i 1988. Eit møte vart halde i Bergen (septembermøtet) i samband med synfaringa.

Synfaringa dette året gjekk føre seg i Bergensregionen. Det vart halde møter med lokale kulturpolitikarar og folk frå kulturetaten. I tillegg fekk rådet sjå fleire større og mindre prosjekt som rådet har vore involvert i eller vil måtte ta stilling til.

Arbeidsutvalet har halde 9 møte i 1988. Av desse var to skriftlege og eitt telefonmøte.

Arbeidsutvalet gjer m.a. vedtak i tilsetjingssaker og kan handsame soknader og gje løyvingar på inntil kr 125 000.

I tillegg førebud arbeidsutvalet større saker for rådet.

Medlemmer av arbeidsutvalet i 1988 var: Oddvar S. Kvam, Eilert Eilertsen, Olina Storsand (Henrik Bargem, vara),

Knut Berg (Birgitta Rønnestad, vara) og Reidun Berg (Guttorm Hansen, vara).



Utval oppnemnde av rådet

Rådet har oppnemnt faglege underutval til å førebu og gje tilråding om løvvinar, lage utkast til fråsegner m.m. I tillegg har rådet ei rad mellombels utval til ulike utgreiingar, aksjonar og forsøk.

Faste utval o.l.

1. Det faglege utval for litteratur og allmenne tidsskrift: Guttorm Hansen, leiar, Åse-Marie Nesse, nestleiar, Edvard Beyer, Anne-Mari Hole Borgen, Arne Hannevik, Sigríð Hernes, Olav Vesaas. Observatør: Bibliotekdirektør Else Granheim, Statens bibliotektilsyn.
2. Det faglege utval for barnekultur: Håkon Fimland, leiar, Henrik Bargem, nestleiar, Kine Aune, Trine Kolderup Flaten, Guri Mette Vestby.
3. Ankenemnda for innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur: Asmund Lien, leiar, Karin Moe, nestleiar, Nils-Tore Andersen, Aase Gjerdrum, Einar Økland.
4. Ankenemnda for innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker: Idar Stegane, leiar, Sissel Lange-Nielsen, nestleiar, Nils-Tore Andersen, Halfdan Kielland, Annie Riis.
5. Ankenemnda for dramatiske verk for dei to innkjøpsordningane for skjønnlitteratur: Klaus Hagerup, leiar, Tordis Ørjasæter, nestleiar, Bjørn Granum, Magnhild Aalen.
6. Det faglege utval for musikk: Odvar S. Kvam, leiar, Reidun Berg, nestleiar, Norunn Illevold Giske, Jan Eriksen, Arvid Vollenes.
7. Det faglege utval for biletkunst og kunsthandverk: Finn Christensen, leiar, Alf Skåum, nestleiar, Konrad Mehus, Helga Norland, Zdenka Rusova, Helge Røed, Hild Sørby. Observatør er Wiebe Kunst.
8. Underutval for kunstnarleg utsmykking: Finn Christensen, leiar, Inger Johanne Brautaset, nestleiar, Olav Herman Hansen, Kari Kjøde, Axel Tostrup, Tone Vigeland. Rådet vedtok i 1988 å leggje ned denne komiteen frå 1/1-89.
9. Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst og kunsthandverk: Gunnar Sørensen, leiar, Svein Mannen, Kåre Groven, Søssa Magnus, Marianne Tjønn, Marianne Brantsæter, Tor Hvamen, Runa Boger, Kjell Hommerstad.
10. Det faglege utval for kulturvern: Knut Berg, leiar, Arnfinn Engen, Gullik Kollandsrud, Birgitta Rønnestad, Olina Storsand. Riksantikvaren og Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har kvar sin representant med observatørstatus.
11. Det faglege utval for samisk kultur: Jan Henry Keskitalo, leiar, Inger Marie Hætta Eikelmann, nestleiar, Jon Eldar Einejord, Kirsten Berit Gaup, Aage Gaup, Trygve Madsen, Nils-Henrik Måsø, Evelyn Olsen-Lid, Sig-Britt Persson Toven.
12. Det faglege utval for kulturbrygg: Olina Storsand, leiar, Gaute Baalsrud, Ulf Colbiørnsen.
13. Stiftelsen Militærhospitalet: I styret for stiftinga er rådet representert ved Knut Berg og Hans Stokland.

Mellombels utval o.l.

1. Innkjøpskomiteen for nye norske fonogram: Komiteen vart oppnemnt i 1985 for å vurdere søknader om innkjøp under forsøksordninga med offentlig innkjøp og distribusjon av nye norske fonogram. Norsk Musikkinformasjon administrerer ordninga. I 1988 var følgjande med i komiteen: Bjørn Aksdal, leiar, Kjell Habbedstad, Erik Hillestad, Anne Grete Preus, Gro Sandvik, Fredrik Muller og Morten Thomte.
2. Utvalet for teknisk og industrielt kulturvern: Utvalet vart oppnemnt i 1983/84 for m.a. å registrere og utarbeide ein plan for vern av tekniske og industrielle anlegg. I 1988 var desse med: Olina Storsand, leiar, Gunnar Gregersen, Torleif Lindtveit, Kari Hoel, Finn Rafn, Jan Didriksen, Riksantikvaren (observatør). Utvalet leverte innstillinga i august og avslutta arbeidet sitt i november 1988.
3. Referansegruppa for det tre-årige prosjektet om kulturtidsskrift (1988-1991). I gruppa sit: Gunnar Sivertsen, Øyvind Pharo og Jørgen Lorentzen. Sekretær er Hanne Elgvin.
4. Referansegruppa for utgreiinga om levande bilete, barn og ungdom. Trine Kolderup Flaten og Kine Aune. Utgriiar var Lars Hansen Juvik.
5. Ad hoc-gruppa for fordeling av Kulturrådet sine innkjøp av biletkunst, kunsthandverk og fotografi. Gruppa vart oppnemnt i 1985 for å lage framlegg til fordeling av innkjøpte kunstverk, samt å vurdere andre måtar å organisere innkjøpsarbeidet på. I gruppa sit: Knut Berg, Finn Christensen og Ragnfrid Stokke.

Kontakt med andre organ

Administrasjonen i rådet

6. Ad hoc-utval for å vurdere mogelege innsparinger på innkjøpsordningane. Utvalet vart oppnemnt i 1988 for å gjennomgå dei to ordningane og avslutta arbeidet same år.
Desse var med i utvalet: Sigrid Hernes, Mette Newth og Paul M. Røthe.

Norsk kulturråd har som tidlegare hatt kontakt med ulike departement, institusjonar og organisasjonar. M.a. kan nemnast Norges Allmennvitenskapelige Forskningsråd, Riksantikvaren, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, Statens museumsråd, Statens kulturminneråd, Statens bibliotektilsyn, A/L Biblioteksentralen, Statens bygge- og eiendomsdirektorat, Utsmykkingsfondet for nye statsbygg, Norsk Musikkinformasjon, Norsk Kassettavgiftsfond, Norske Kommuners Sentralforbund og Statens Rasjonaliseringsdirektorat.

Kontakten med Statens Rasjonaliseringsdirektorat vart etablert i 1986 i samband med innkjøp av datautstyr til rådets administrasjon. På bakgrunn av at Kulturrådets arbeidsoppgåver har auka jamt dei siste åra, ba Kultur- og vitskapsdepartementet om at Rasjonaliseringsdirektoratet skulle gjere ei vurdering av sekretariatet.

Rådet har i 1988 vore representert ved mange arrangement landet over. Rådet har også hatt ein medlem i juryen for Norges Allmennvitenskapelige Forskningsråds pris for populærvitenskapleg innsats (Edv. Beyer). Rådet har vidare hatt plass i Utanriksdepartementets råd for kultursamarbeid med utlandet (Kvam), i Statens byggeskikkutval (Gullrik Kollandsrud) og i representantskapet for Henie-Onstad-museet (Kvam). Leiaren og direktøren er peika ut som rådets representantar i den norske komiteen for oppfølging av FNs kulturtår 1988-97. Dessutan har direktøren møtt i ei arbeidsgruppe som har vurdert ei oppfølging av NOU 1985:12 «Kultursamarbeid med utlandet».

Rådet har i 1988 hatt 14 faste stillingar i administrasjonen og fire sakshandsamarar i mellombels stillingar.

Direktør:
Halvdan Skard

Kontorsjef:
Hans Stokland

Sakshandsamarar:
Karin Bakken
Mari Finess
Erik Landmark (til 31.3.88)
Erik Prost
Tor Magne Berg
Inger Steen-Nielsen
Ragnfrid Stokke
Marit Øvrebø

Kontor og rekneskap:
Inger Flateby
Karin Henriksen (frå 1.5.88)
Reidun Renstrøm

Ekstrahjelp:
Irmelin Brinchmann
Monica Færdi
Gerd Golombæk

I tillegg har rådet til disposisjon fire tidsavgrensa stillingar, som i 1988 vart nytta til:

- Utarbeiding av verneplan for tekniske kulturminne
- Forsøk med informasjonsmedarbeidar for Kulturrådet
- Engasjementstilling barne- og ungdomskultur
- Engasjementstilling biletkunst og kunsthandverk

Vedtekter, retningsliner og reglement

Vedtekter for Norsk kulturfond

Fastsette av Stortinget 19. juni 1965. (Omsette frå St.prp.nr. 130, 1964-65.)

§ 1.

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern.

Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for rådet.

§ 5.

Kultur- og vitskapsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemnd i budsjettåret før.

Retningsliner for bruken av midlar frå Norsk kulturfond

Fastsette av Stortinget 19. juni 1965.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjøre kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er.

Innanfor denne ramma må rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at rådet skal legge særskilt vekt på:

- Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- Tiltak til å fremje norsk bilettekunst, og kjøpe inn bilet-kunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.

- Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis óg betre høve til vidare utdanning.
- Kulturverntiltak, såleis óg vern av samisk kultur.
- Stønad til finansiering av kulturygg.
- Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakkre utforming av omgivnaden vår.
- Tiltak som kan gi letta tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemd for dei verde den gir.
- Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubile og minnehøgtider, og større eingongsturnear frå kunstinsti-tsjonar.

Reglement for Norsk kulturråd

Fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965, med endring av 24. september 1976 og 20. november 1987.

§ 1.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 2.

Rådet skal ha 13 medlemmer med personlege varamedlemmer. Av desse skal 4 medlemmer med varamedlemmer oppnemnast av Stortinget og 9 medlemmer med varamedlemmer av Kongen etter tilråding frå Kultur- og vitskapsdepartementet. To av dei 9 medlemmene med varamedlemmer skal oppnemnast etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund. Alle oppnemningane gjeld for 4 år.

Kongen nemner opp leiar og nestleiar i rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der leiar og nestleiar er med. Rådet kan også setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningsliner som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kultur- og vitskapsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som rådet sjølv ønsker å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kultur- og vitskapsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyde til Kulturfon-

det. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kultur- og vitenskapsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan rådet kallast inn til møte når leiaren, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller når leiaren eller to medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst helvta av medlemmene er til stades. Ved røystinga blir sakene avgjorde ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til leiaren som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for rådet i neste møte.

Rådet kan innanfor fastlagte retningsliner og med departementet sin godkjenning vedtaka å delegere avgjelder til rådet sin leiari og/eller til direktøren samt til faglege utval rådet har oppnemnt. Vedtak som er fatta i kraft av slik delegasjon skal leggjast fram for rådet til orientering. Rådet kan vedtaka at mindretal i utval kan kreyje avgjelder lagt fram for rådet før dei vert sette i verk.

Vedtak fatta av rådet kan ikkje klagast til departementet kva vedkjem det faglege kunstneriske skjønn.

§ 7.

Utgifter til rådmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

Lister over løyvingar og innkjøp i 1988

Litteratur

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur 1988

Innkjøpte titlar på innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur.

PROSA

Forfattar – Tittel	Forlag	
Abrahamsen, Aase F. – <i>Alltid de andre</i>	Gyldendal	
Ambjørnsen, Ingvar – <i>Jesus står i porten</i>	Cappelen	
Andersen, Merete M. – <i>FRA</i>	Gyldendal	
Antologi – <i>Magasinets noveller</i>	Tiden	
Antologi – <i>Signaler '88</i>	Cappelen	
Bauer, Ola – <i>Løvetemmersken</i>	Oktober	
Berg, Bjørg – <i>Tarehjertene</i>	Aschehoug	
Bergum, Eivor – <i>Presthanda</i>	Tiden	
Bjørnskog, Ellen Berit – <i>Kjærlighetsfolket</i>	Tiden	
Bjørnstad, Ketil – <i>Oppstigning fra det usynlige</i>	Aschehoug	
Borgen, Ane – <i>Edels venninne</i>	Aschehoug	
Borgen, Brett – <i>Jeg vil vekke dagen</i>	Nye	
	Atheneum	
Brodin, Elin – <i>Askefolket</i>	Aschehoug	
Bukkøy, Else Karin – <i>Mellom Jan og Marita</i>	Samlaget	
Bøge, Kari – <i>søster, Vivianne</i>	Aschehoug	
Børli, Hans – <i>Med øks og lyre</i>	Aschehoug	
Carling, Finn – <i>Gjensyn fra en fremtid</i>	Gyldendal	
Christensen, Lars S. – <i>Herman</i>	Cappelen	
Dahl, Arild – <i>En viss eleganse</i>	Oktober	
Dahl, Tor Edvin – <i>Venner</i>	Cappelen	
Dale, Bjørn Jonson – <i>Soga om Jacob Olsen Buse</i>	Eide	
Eldnes, Andreas – <i>En drøm om jord</i>	Sollia	
Elstad, Anne Karin – <i>Maria, Maria..</i>	Aschehoug	
Elster, Torolf – <i>Skyggen av det som skal skje</i>	Aschehoug	
Espedal, Tomas – <i>En vill flukt av parfyrmer</i>	Eide	
Faldbakken, Knut – <i>Bad Boy</i>	Gyldendal	
Gaup, Ailo – <i>Trommereisen</i>	Gyldendal	
Hansen, Mette – <i>Det danser en gammel dame</i>	Cappelen	
Hanssen, Arvid – <i>Ho Nætta på Hylla</i>	Cappelen	
Haxthow, Egil – <i>Winthrows hus</i>	Solum	
Heggland, Johannes – <i>Meisterens søner</i>	Gyldendal	
Hellesøe, Unni – <i>Hu</i>	Tiden	
Helleve, Dag – <i>Sjaktia</i>	Samlaget	
Hennum, Gerd – <i>Vintersolhverv</i>	Dreyer	
Henriksen, Vera – <i>Rekviem for et lite dampskip</i>	Aschehoug	
Hiide, Lisbet – <i>Dame med nebb</i>	Gyldendal	
Hollen, John – <i>Det spanske eventyret</i>	Gyldendal	
Holm, Laila – <i>Brev til Kristina</i>	Eide	
Horgar, Fartein – <i>Bronseengelen</i>	Tiden	
Høydal, Aslaug – <i>Vind og Veris</i>	Dreyer	
Jacobsen, Alf R. – <i>Kharg</i>	Tiden	
Jacobsen, Roy – <i>Virgo</i>	Cappelen	
Jarvoll, Svein – <i>En Australia-reise</i>	Gyldendal	
Johansen, Dag Ove – <i>Stormnatt</i>	Bladkomp.	
Johansen, Margaret – <i>Tidsfordriv</i>	Tiden	
		Johnsgaard, Magnar – <i>Edgars hus</i>
		Kjøsterud, Erlend – <i>Det brente språket</i>
		Kjenne, Sam O. – <i>Ekko fra dødmannskiste</i>
		Knutsen, Per – <i>Gutten som kunne fly</i>
		Knutsli, Gudrun B. – <i>Diktarpresten</i>
		<i>M.B. Landstad</i>
		Køltzow, Liv – <i>Hjem har ditt ansikt?</i>
		Langeland, Arne – <i>Min lille by</i>
		Langfeldt, Steffen – <i>Festningen</i>
		Lie, Sissel – <i>Løvens hjerte</i>
		Lillegaard, Leif B. – <i>Havnatten</i>
		Lindstrøm, Merethe – <i>Borte men savnet</i>
		Lunde, Gunnar – <i>Istid</i>
		Lønn, Øystein – <i>Tom Rebers siste retrett</i>
		Melberg, Arne – <i>A. Roman</i>
		Michelet, Else – <i>Ariadnes tråd</i>
		Michelet, Jon – <i>Le Coconut</i>
		Moe, Ingvar – <i>Forbanninga</i>
		Moen, Erna – <i>Tigerens datter</i>
		Munch, Espen – <i>Natt i Zahedan</i>
		Muri, Sigurd – <i>Arvegods</i>
		Nilstun, Ragnhild – <i>Begjærets pris</i>
		Nyquist, Arild – <i>Giacomettis forunderlige reise</i>
		Nysted, Liv – <i>Samle på i morgen..</i>
		Næss, Atle – <i>Korsfareren</i>
		Olsen, Bjørn G. – <i>En og tredevte desember</i>
		Olsen, Morten H. – <i>En dans til Osmundsen, Mari – Arv</i>
		Ottersen, Olav – <i>Åpent hus</i>
		Ringen, Tone – <i>Blodsteinen</i>
		Rud, Nils Johan – <i>Det har ventet på deg</i>
		Rønning, Bjarne – <i>A-laget</i>
		Røseth, Kjell – <i>Lokkeanden</i>
		Sagen, Rolf – <i>Mercedes-ryttaren</i>
		Sandbeck, Vidar – <i>Kanarisflügen</i>
		Schougin, Eugen – <i>Federico! Federico!</i>
		Serck, Peter – <i>Rituale</i>
		Skagen, Fredrik – <i>Menneskejegeren</i>
		Skagen, Kaj – <i>Himmelten vet ingenting</i>
		Skogheim, Dag – <i>Tre dager i mai</i>
		Stien, Laila – <i>Sånt som skjer</i>
		Stigen, Terje – <i>Monolitten</i>
		Staalesen, Gunnar – <i>Svarte fär</i>
		Svinsaas, Ingvald – <i>Tredje generasjon</i>
		Swetland, Carolyn – <i>Teppe uten sang</i>
		Sæterbakken, Stig – <i>Vandrebook</i>
		Sørensen, Roar – <i>Kalayaan</i>
		Thomassen, Reidar – <i>Miniatyrmennesket</i>
		Ulven, Tor – <i>Gravgaver</i>
		Vik, Bjørg – <i>Små nøkler store rom</i>
		Wang, Fridtjof – <i>Stoppesteder</i>
		Wold, Kjersti – <i>Sarahs stemme</i>
		Davvi Media
		Cappelen

Abrahamsen, Odd – *St. Birgitta kapell*
 Aga, Hanne – *Presis overalt*
 Antologi – *Roser i sno*
 Berg, Øyvind – *Totschweigentaktiken*
 Bonde, Heidi – *Lucifers munn*
 Borges, Jorge Luis – *Dikt v/L. Midttun*
 Bosquet, Alain – *Dikt i urvalg
v/R. Christiansen*
 Brodsky, Joseph – *En fem kopek av gull
v/E. Egeberg*
 Brodsky, Joseph – *Livet i grålys
v/H.M. Ravnum*
 Carver, Raymond – *Men sjela er også
en glatt dævel – v/Tor Obrestad*
 Cohen, Leonard – *Kjærlighet og hat
v/H. Rem*
 Comte de Lautreamont – *Maldorors sanger
v/Annie Riis*
 Dahl, Niels Fredrik – *I fjar var litt av en natt*
 Egeland, Olga – *Solkjerner*
 Eggem, Arnljot – *Det flyktige varige*
 Eliot, T.S. – *Det golde landet og andre dikt
v/P. Brekke*
 Ericsson, Kjersti – *By oss ikke noe smått*
 Falkeid, Kolbein – *Kaffekjelens vinger*
 Faugstad, Åse L. – *Den gylne kokongen*
 Fliflet, Albert L. – *Kanteletar – gj.diktn.*
 Fougnér, Ingeborg P. – *Selv når bladene faller*
 Foynes, Halvard – *Natt i New York*
 Gjessing, Ketil – *Nådefrist*
 Hagen, Jan – *Den lykkelige eieren..*
 Hanssen, Tone Marie – *Supplement*
 Harboe, Heidi Strand – *Regnboge-somrar*
 Haugland, Alf – *Gjerdesmøtt*
 Holtskog, Liv – *Tvillingsjelers ferd*
 Horvei, Truls – *Havfruehester*
 Johanssen, Terje – *Fuglenes orden*
 Kaldestad, Per Olav – *Kjærlege posisjonar*
 Kaplinski, Jaan – *Same hav i oss alle
v/T. Farbregd*
 Kruger, Michael – *Teikna talar eit anna språk
v/A. Saltveit*
 Landmark, Kjell – *Hverdager*
 Lawson, Henry – *I stormens år v/l. Hauge*
 Lervik, Ellinor – *Vigilie*
 Levertov, Denise – *Med åpen munn
v/H. Bramnes*
 Lie, Tove – *Vinterreise*
 Lundberg, Liv – *Tveegget engel*
 Malde, Per – *Vailima*
 Marston, John – *Kurtisanen v/R.T. Eriksen*
 Mehren, Stein – *Fortapt i verden*
 Nygårdshaug, Gert – *Gipsyblink*
 Olsen, Lars Erling – *Flekker av lys*
 Oppen, George – *Objekt v/J.S. Jonsson*
 Orgland, Ivar – *Lengtens vegar*
 Orvedal, Ivar – *Grrmjau*
 Orvil, Ernst (posth.) – *Siste dikt*
 Pedersen, Torgeir R. – *Landskapets hengsler*
 Pessoa, Fernando – *Det er ikke meg
jeg forestiller v/H.K. Dahl*
 Sandburg, Carl – *Røk og stål v/O. Røsbak*
 Shakespeare, W. – *Trettandedagskvelden
v/S.A. Røssbøl*
 Shakespeare, W. – *Coriolanus v/B. Herman*
 Sivertsen, Solfrid – *Bortanfor mellomste
rommet*
 Skulbrø, Malvin – *Eri sikt*

Dreyer	Starheimsæter, Herm. – <i>Knutepunkt</i>	Aschehoug
Samlaget	Steen, Thorvald – <i>Månekisten</i>	Tiden
Cappelen	Steen, Solveig – <i>Mylder i manesjen</i>	Aschehoug
Okttober	Stubhaug, Arild – <i>Eld i sol</i>	Aschehoug
Solum	Stølan, Arne Hugo – <i>Forvandlingens kunst</i>	Cappelen
Solum	Sørbo, Jan Inge – <i>Babettes gjester</i>	Samlaget
	Sørheim, Thor – <i>Steinen under snøen</i>	Gyldendal
Okttober	Thorsen, Thor – <i>Et spyd i gresset</i>	Cappelen
	Trygstad, Liv Elin – <i>Fabula pectoris</i>	Dreyer
Cappelen	Valastad, Jone – <i>Soliloquia</i>	Dreyer
	Vindtorn, Kjell E. – <i>Det nedbrente luftslott</i>	Aschehoug
Solum	Vold, Jan Erik – <i>En som het Abel Ek</i>	Gyldendal
	von Kleist, Heinrich – <i>Penthesileia</i>	Aschehoug
Gyldendal	Voznesenskij, Andre – <i>Nostalgi etter nåtid</i> <i>v/E. Bystad og A. Perminov</i>	Dreyer
Cappelen	Wedeld, Bodil Dyb – <i>I dette du rører ved</i>	Samlaget
	Wolf, Øystein W. – <i>Jeg er</i>	Aschehoug
Gyldendal	Øglænd, Finn/Enger, Rolf – <i>Livet er enkelt og</i> <i>greitt, gj.diktn.</i>	Samlaget
Cappelen	Øglænd, Finn – <i>Opp i røyk</i>	Samlaget
Solum		

SKODESPEL

Forfattar – Tittel	Forlag
Bringsværd, Tor Åge – <i>Pimpernell</i>	Solum
Cappelen, Peder – <i>Eufemianatten</i>	Aschchoug
Hoem, Edvard – <i>St. Olavs skrin</i>	Oktober
Hovland, Ragnar – <i>Elvis</i>	Eide
Johanssen, Steffen – <i>Og hvem er det som snakker skyld</i>	Solum
Kittelsen, Erling – <i>Abiriels løve</i>	Aschchoug
Kolstad, Arild – <i>Kaninmidda'n</i>	Tiden
Lian, Torun – <i>Tre skuespill</i>	Dreyer
Sæther, Wera – <i>I samme land</i>	Solum
Søholt, Kristin – <i>Drikk for livet</i>	Solum
Texmo, Kirsti B. – <i>Limbo</i>	Solum
Trane, Karl – <i>Tom Volds siste akt</i>	Solum
Udnæs, Sverre (posth.) – <i>Dramatikk 1964-82</i>	Gyldendal

Innkjøpte titlar på innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker 1988

Forfattar – Tittel	Forlag
Abrahamsen, Aase – <i>Røde hjørter</i>	Gyldendal
Alver, Liv – <i>Nielvsdalen</i>	Eide
Ambjørnsen, Ingv. – <i>Døden på Oslo S</i>	Cappelen
Andersen, Stein – <i>Bruce, rock og..</i>	Tiden
Andersson, Rune J. – <i>Far sover</i>	Gyldendal
Antologi – <i>Hårreisende hist.</i>	Damm
Askelund, Bjørg – <i>Når jeg tenker..</i>	Eide
Aspås, Anne Berit – <i>Gutten i heisen</i>	Damm
Audum, Beate, red. – <i>ARKEN 88</i>	Aschehoug
Austrem, Liv M. – <i>Runar vart 17 år</i>	Samlaget
Belsvik, Rune – <i>Alle dei fine jen</i>	Samlaget
Belsvik, Rune – <i>Erling Andersen</i>	Cappelen
Bing, Jon – <i>Skyggene fra månen</i>	Damm
Bringsværd Tor Å. – <i>Tordenguden</i>	Gyldendal
Brænne, Trond – <i>Petter og månen</i>	Tiden
Bøge, Kari – <i>Svanesang</i>	Aschehoug
Dam-Nielsen, B. – <i>Den lange reisen</i>	Damm
Davik, Ingebrigt – <i>Den lange reisa..</i>	Tiden
Doksum, Sigmund – <i>Krakatau</i>	Gyldendal
Egeberg, Erin – <i>Erin badejente</i>	Eide
Eggen, Arpliot – <i>Kongsdatteren og</i>	Altera

Eide, Torill – <i>Huletur</i>	Gyldendal	Mathisen, Mathis – <i>Ismael</i>	Aschehoug
Ekman, Fam – <i>Den nye vesken</i>	Cappelen	Michelet, Jon – <i>En midtvinternatt</i>	Gyldendal
Eriksen, Helga G. – <i>Båten i treet</i>	Eide	Midtgård, Thora – <i>Dengang morfar</i>	Cappelen
Fretheim, Thor – <i>Sirenene synger</i>	Gyldendal	Newth, Mette – <i>Erobringene</i>	Tiden
Gaarder, Inger M. – <i>Oppbrudd</i>	Cappelen	Newth, Philip – <i>Bacon og egg mot</i>	Tiden
Gaarder, Jostein – <i>Froskeslottet</i>	Aschehoug	Norvalls, Tuppen – <i>Hvor er jeg når</i>	Damm
Gjerdrum, Anne-L. – <i>Min første dagbok</i>	Skolebok-forlaget	Nyquist, Arild – <i>Goddag og adjø</i>	Tiden
Gravir, Magnhild – <i>Ragnhild og Besta</i>	Samlaget	Næss, Atle – <i>På vulkanferie</i>	Eide
Grossmann, Kari – <i>Gudrun Johanne..</i>	Tiden	Osland, Erna – <i>Frekke Fritjof</i>	Samlaget
Hagerup, Helge – <i>Miguels verden</i>	Solum	Osmundsen, Mari – <i>Harrys hus</i>	Aschehoug
Hanche-Olsen, Ola – <i>Drøm, Caroline..</i>	Damm	Padar-Leivo Rauna – <i>Våren kommer til</i>	Davvi Media
Hanssen, Arvid – <i>Jente-tider</i>	Cappelen	Pedersen, Hæge F. – <i>Venner i regn</i>	Cappelen
Hansen, Thore – <i>Skogland</i>	Gyldendal	Ragde, Anne B. – <i>Dumme mamma</i>	Cappelen
Haslund, Ebba – <i>Men Benny da..</i>	Aschehoug	Risnes, Dag – <i>Gutten Gaute</i>	Metope
Haugen, Tormod – <i>Farlig ferd</i>	Gyldendal	Rønningen, Bjørn – <i>Faren til Pjotten</i>	Damm
Hauger, Torill T. – <i>Rødhudenes land</i>	Gyldendal	Røsholdt, Ove – <i>Solen som sloknet</i>	Eide
Heggland, Johs. – <i>Rømlingen</i>	Norsk	Sandberg, Liv – <i>Synne begynner på</i>	Cappelen
Henriksen, Vera – <i>Eventyrsagaen</i>	Barneblad	Sande, Hans – <i>Den dagen det..</i>	Gyldendal
Hentig, U v/Arman – <i>Flaggermusen</i>	Aschehoug	Sandvik, Kjell – <i>Gi deg ikke</i>	Skolebok-forlaget
Hoel, Tore E. – <i>Verdsmeisteren</i>	Eide	Scheen, Kjersti – <i>Sofie og pyton</i>	Damm
Holmås, Stig – <i>Soloppgangens fo..</i>	Samlaget	Selmer-Olsen, I. – <i>Klart det!</i>	Tiden
Jensen, Eva – <i>Eg. Kristin</i>	Gyldendal	Senje, Sigurd – <i>Kvalt kjærlighet</i>	Gyldendal
Jenseg, Grete R. – <i>Frossen fugl</i>	Samlaget	Sivertssen, Egil – <i>Bajas</i>	Cappelen
Joner, T.B. + S. – <i>Herr Pergolesi</i>	Gyldendal	Skeie, Eyvind – <i>Ariella</i>	Luther
Jonsmoen, Ola – <i>Billett både vegar</i>	Ex Libris	Småge, Kim – <i>Interrail</i>	Aschehoug
Jotun, Greta A. – <i>Bare Pyton</i>	Norsk	Solli, Åse Gyrid – <i>Mårs hevn</i>	Cappelen
Kaldhol, Marit – <i>Vi kan dele</i>	Barneblad	Sund, Torvald – <i>Onkel Oskars saue</i>	Samlaget
Kalleberg/Tveit – <i>Halte Sølvrev og..</i>	Lunde	Sæther, Wera – <i>Rommet med det..</i>	Gyldendal
Kleiva, Rønnaug – <i>Fuglane kor dei</i>	Eide	Søhoel, Kristin – <i>Hevnen</i>	Solum
Knutsen, Per – <i>Svart cayal</i>	Tiden	Torvund, Helge – <i>Brødfanten og..</i>	Samlaget
Krokvik, Jostein – <i>Rømlings foteifar</i>	Samlaget	Tusvik, Marit – <i>Kua som fraus</i>	Aschehoug
Kvasbø, Alf – <i>Brent by</i>	Cappelen	Tveit, Norvald – <i>Silje og Sivert</i>	Solum
Kvåle, Kjellaug – <i>Hei, kamerat</i>	N. Bokcre-dingslag	Tveit, Tore – <i>Min vesle storeb</i>	Aschehoug
Lande, Marit – <i>Jeg maler det</i>	Gyldendal	Vang, Frithjof – <i>Åse Iselin i lande</i>	Nordkalott-forl.
Lee-Nielsen, Mary – <i>I skyggen av</i>	Samlaget	Vars, Ellen Marie – <i>Katja</i>	Davvi Media
Lillo, Gerd Eva – <i>Inger Johanne på..</i>	Leseselskapet	Viermyr, Marianne – <i>Det hemmelige..</i>	Eide
Lind, Idar – <i>Drakeblod</i>	Damm	Vik, Walter – <i>Fathimas gave</i>	Cappelen
Lindell, Unni – <i>Hemmeligheten i</i>	Gyldendal	Øglænd, Finn – <i>Pariserloff</i>	Samlaget
	Samlaget	Økland, Einar – <i>Den dumme</i>	Samlaget

Kunstnarleg illustrerte barnebøker

Forfattar/illustratør	Tittel	Løyving	
Ex Libris Forlag:			
Øyvind Berg/Christian Frøstrup	<i>Skjærgårdsgungene (sag)</i>	kr	25 000
Tone Bergli Joner/S. Joner	<i>Herr Pergolesi og de oppfinnsomme tonene</i>	»	16 000
Skolebokforlaget:			
Anne-Lise Gjerdrum/Jan K. Øien	<i>Min første dagbok – jeg lærer ukedagene</i>	»	24 000
Gyldendal:			
Tor Å.Bringsværd/Ingunn van Etten	<i>Tordenguden (Vår gamle gudelhøre 5)</i>	»	55 000
Rune Johan Andersson	<i>Far sover</i>	»	32 000
Hans Sande/Ingunn van Etten	<i>Den dagen det regna kattungar</i>	»	32 000
Thore Hansen	<i>Skogland</i>	»	8 000
J.W Cappelen:			
Fam Ekman	<i>Den nye vesken</i>	»	32 000
N.W Damm:			
Kjersti Scheen	<i>Sofie og pytondagen (lettles-bok)</i>	»	8 000
Bjørn Rønningen/Vivian Z. Olsen	<i>Faren til Pjotten</i>	»	30 000

Aschehoug:			
Marit Tusvik/Jan-Kåre Øien	<i>Kua som fraus</i>	kr	30 000
Tiden Norsk Forlag:			
Ragnar Frislid	<i>Naturen rundt (fag)</i>	»	20 000
Philip Newth/Lars Fiske	<i>Bacon & Egg mot tegneserieheltene</i>	»	10 000
Philip Newth/Philip Newth	<i>For et svin!</i>	»	6 000
Ivar Kalleberg/Tore Tveit	<i>Halte sølvrev</i>	»	10 000
Eide Forlag:			
Ingri Egeberg	<i>Erin badejente</i>	»	8 000
Urd von Hentig	<i>Flaggermusen</i>	»	32 000
Det Norske Samlaget:			
Fredrik Heitkötter	<i>Ut til haust og vinter</i>	»	50 000
Helge Torvund	<i>Ranselamuslingen</i>	»	30 000
Einar Økland/Gerhard Stoltz	<i>Den dumme, Tretten nye fabler</i>	»	40 000
Aventura:			
Inger Næss/Ingunn Mosberg:	<i>Barnas dyrebok</i>	»	30 000
Ansgar:			
Aslaug Høydal/Egil T. Næsheim	<i>Fint fylgle</i>	»	30 000
Delvis illustrerte bøker			
Det Norske Samlaget:			
Magnhild Gravir/Borghild Rud	<i>Ragnhild og Besta</i>	»	10 000
Eva Jensen/Wenche Øyen	<i>Eg, Kristin</i>	»	14 000
Rønnaug Kleiva/Kari Bøge	<i>Fuglan, kor dei flyg</i>	»	10 000
Torvald Sund/Anne Holt	<i>Onkel Oskars saueost og...</i>	»	8 000
Kjellaug Kvåle/Marita Andersen	<i>Hei, kamerat! (lettles)</i>	»	12 000
Aschehoug:			
Mari Osmundsen/Werner Grossmann	<i>Harrys hus</i>	»	10 000
Vera Henriksen/J.H. Kippenbroeck	<i>Eventyrreisen</i>	»	15 000
Beate Audum (red.) (fleire ill.)	<i>Arken 1988</i>	»	50 000
Damm:			
Jon Bing/Thore Hansen	<i>Skyggene fra månen</i>	»	12 000
Cappelen:			
Arvid Hanssen/Tor Morisse	<i>Jentetider</i>	»	16 000
Egil Sivertsen/Kjell Nygren	<i>Bajas</i>	»	10 000
Eide:			
Helga G. Eriksen/Helga G. Eriksen	<i>Båten i treet</i>	»	12 000

Barneblad

Misjonssentralen: «Blåveisen»	kr	15 000
Det Norske Misjonsselskap: «Kom og Se» »	»	40 000
Den norske Santalmisjon: «Nye Glint» ... »	»	30 000
Norsk Barneblad: «Norsk Barneblad»	»	65 000

Andre tiltak barnelitteratur

Gyldendal/Wera Sather: «Rommet med det rare i»	kr	50 000
Gyldendal: Ung 88 - novelleantologi	»	20 000
Aschehoug/Else Breen: «Slik skrev de»	»	32 000
Noregs Mållag: «Nynorsk barnebokliste 1987»	»	10 000
Cappelen/Mette Hansen: «Hvor er sykkelen?»	»	40 000
Assistanse: 25 punktskriftutgaver	»	160 000
Norsk barnebokinstitutt: Seminarhonorar	»	7 000

Nyutgjeving av eldre norsk litteratur

Aschehoug/Sigrid Undset: <i>Elleva dr ved jevndøgn</i>	kr	20 000
Aschehoug/Aksel Sandemose: <i>Stormer</i>	»	25 000
Aschehoug/Kristofer Uppdal: <i>Domkyrkjebyggjare</i>	»	25 000
St. Olav: <i>Latiniske hymnor og sekvensar</i>	»	18 000
Gründahl/Hanna Winsnes: <i>Prestegården på landet</i>	»	25 000
Gyldendal/Frants Lasson: <i>Olav Bull, Brev I-II</i>	»	200 000
Aschehoug/A. Sandemose: <i>En flyktning krysser...</i>	»	30 000
Det Norske Samlaget/Ivar Aasen: <i>Dikt i samling</i>	»	30 000
Det Norske Samlaget/A.O. Vinje: <i>Dikt i samling</i>	»	30 000
Det Norske Samlaget/T. Vesaas: <i>Skrifter i samling</i>	»	250 000

Omsett litteratur

H. Aschehoug & Co: J.G. Ballard	Skapeisens dag	kr	10 200
Saul Bellow	Det dør flere av hjertesorg	»	16 800
Nuruddin Farah	Grenselinjer	»	12 000
Toni Morrison	Elskede	»	14 400
Andre Brink	Unntakstilstander	»	11 400
Gamal Ghitani	Herskeren	»	12 400
Mandla Langa	Blodets ømhet	»	18 000
Tom Wolfe	Forfengelighetens fyrværkeri	»	36 000
Zhang Xinxin	Arvingene	»	15 500
Aventura Forlag: Peter Mathiessen	Jungelens evangelium	»	19 200
William Kennedy	Quinns bok	»	13 200
Agota Kristof	Beviset	»	7 900

J.W. Cappelens Forlag:				
Erich Hackl	Auroras motiv	» 4 200	Ketil Bjørnstad	» 18 000
Patrick Modiano	Søndagene i august	» 5 400	Knut Faldbakken	» 18 000
Antologi	Åtte stemmer	» 5 400	Julian Garner	» 18 000
Antologi	Afrikanske kvinner forteller	» 6 600	Morten Jostad	» 18 000
Elsa Posell	Flikten	» 8 400	Det Norske Teatret:	
Chinua Achebe	Nytt fra savannen	» 12 000	Terje Bjørn O. Eriksen	kr 18 000
Joyce C. Oates	Marya – Et liv	» 16 000	Else Færden Bringsværd	» 18 000
Tahar Ben Jelloun	Den hellige natt	» 6 400	Lennart Lidström/Rolf Inge Godøy	» 18 000
Det Norske Samlaget:			Hålogaland Teater:	
Francoise Xenakis	Zut, on a...	» 13 885	Arnliot Eggen	kr 18 000
Paul Auster	New York-tril.	» 33 705	Arthur Arntzen	» 18 000
Woody Allen	Biverknader	» 16 000	Oslo Nye Teater:	
Viivi Luik	Den sjuande fredsvåren	» 27 200	Cecilie Løveid	kr 18 000
Andrej Bitov	Pusjkins hus	» 42 200	Riksteatret:	
Ex Libris:			Hallvard Lydvo	kr 18 000
Julian Barnes	Staring at the Sun	» 12 000	Sogn og Fjordane Teater:	
Anita Desai	Fjellet i flammer	» 6 800	Norvald Tveit	kr 18 000
Cecile Drouin	Barn av den røde jord	» 6 600	Teatret Vårt:	
Michael Ende	Jim Knapp	» 13 600	John Hollen	kr 36 000
Alberto Moravia	La Cosa	» 12 000	Jan Olav Brynjulfsen	» 18 000
Tom Sharpe	Will	» 9 600	Telemark Teater:	
Gylldalen Norsk Forlag:			Klaus Hagerup	kr 18 000
David Grossman	Se under: kjærlighet	kr 25 200	Trøndelag Teater:	
Jurek Becker	Bronsteins barn	» 9 600	Bjørn Erik Hansen	kr 18 000
Mario Vargas Llosa	Hjem drepte PM	» 5 200	Edvard Rønning	» 18 000
Alexander Tisma	Bruk av mennesket	» 11 600	Idar Lind	» 18 000
Oek de Jong	Sirkel i gress	» 15 600	c. Prisjektoraktar:	
Carlos Fuentes	Den gamle gringo	» 7 600	Lars Vik: Natt og dag	kr 30 000
Michel Tournier	Gulldråpen	» 7 600	Kjell Kristensen: Gamle blåses	» 30 000
Susan Cooper	Løvheksa	» 5 400	d. Omsetjing av skodespel:	
Margaret Willey	Jakten på David	» 3 800	Klaus Hagerup: Heatbreak Hotel	kr 11 500
Georges Bernanos	En landsbyprests dagbok	» 10 200	Julian Garner: Svarte økser	» 11 500
Carlo Collodi	Pinocchio	» 5 700	Helge Hagerup: Napoleons død	» 11 500
Rosemary Harris	Zett	» 6 600	Pål Sundvor: Gasell	» 11 500
Pat Barker	Union Street	» 10 400	e. Presentasjonseksemplar:	
Marcel Proust	Sodoma og Gomorra	» 16 000	Eva Schram/Terje Høel: Utenfor indeksfamilien	kr 2 592
Anatolij Rybakov	Arbats barn	» 26 800	Jesper Halle: Livet er en sandstrand	» 2 904
Joan Barefoot	Duet for tre	» 13 200	Steffen Johanssen: Og hvem er det som snakker	» 4 390
Ian McEwan	Tidebarn	» 11 200	Julian Garner: Guardian Angels	» 4 280
V.S. Naipaul	Ankomsts gte	» 16 000	Kristin Søholt: Drikk for livet	» 3 500
Jose Donoso	Fortvilelsen	» 15 200	Wibeke S. Knagenhjelm: Det bor en morder i oss alle	» 1 650
Metope Forlag:			Nynorsk litteratur	
Camilo Jose Cela	Masurka for to døde	» 13 600	Det Norske Samlaget:	
Susan Minot	Rakkerunger	» 5 400	Jost. Bjørndal: Rapport Kenya	kr 32 200
Pax Forlag:			S. Brauteset: Martin Linge	» 33 600
Bret Easton Ellis	Under nullpunktet	» 7 200	Olav Bø: Jubileumstekstar	» 25 200
Alice Hoffman	Sjernene lyser hvite	» 10 000	N. Ellingsgård: Norsk rosealming	» 91 700
Profil Forlag:			Dahle/Røthe: Eksotiske Trøndelag	» 54 000
Jean Baudrillard	Amerika	» 4 000	Olav Fjose: Bergfrid	» 21 000
Solum Forlag:			Anders Hagen: Helleristninga	» 45 500
Iosif Brodskij	Å glede en skygge	» 12 800	Aridl Hoksnes: Gammaldansmusikken	» 44 800
Henry Lawson	Skisser og historier	» 5 400	R. Kapucinski: Sjahen	» 25 900
Antologi	Tigerdrøberen	» 15 000	Inga Ness: Buvika-konflikten	» 32 200
Tiden Norsk Forlag:			Asgeir Olden: Barn av nazistar	» 31 500
Tsjojis Ajmatov	Gapestokken	» 21 000	Jan Inge Sorbø: Svar til ein sjaman	» 13 700
Jorge Amado	Terzea Batista	» 18 800	Herbjørn Sørbo: I godstolen	» 26 600
Anthony Burgess	Kingdom of the Wicked	» 19 200	Ragnar Utstein: Feldmannsaka	» 35 000
Amin Maalouf	Leo Afrikanneren	» 14 400	Lars Øye: Fem år med sing' en på avtr	» 21 000
Ny norsk dramatikk			Jon Hellesnes: Hermeneuikk og kvardagsfortsing	» 23 100
a. Hospitantordning:			J. Veiteberg: Alf Ellingsen	» 47 600
Sami Teater O/S:			Einar Økland: Brevmerke på norsk post	» 37 800
Rauni Magga Lukkari		kr 12 000	H. Grønstad/S.B. Grønstad: Kulturell regionalism	» 18 900
b. Arbeidskontraktar:			Kristiina Louhi: Barnekalender	» 23 450
Den Nationale Scene:			Audunn Oltedal/K. Å. Hunsager: Gentukling	» 33 250
Erling Gjelsvik		kr 18 000	Lena Anderson: Maris vesle grøne	» 21 000
H. & Andreas Fischer-Nagel: Museliv			H. & Andreas Fischer-Nagel: Museliv	» 25 200
Sid Fleischman: Prinsen og prylogen			Sid Fleischman: Prinsen og prylogen	» 16 800
Jaensson/Norlin/Grås: Koseputas loyndom			Koseputas loyndom	» 16 450
